



Heilskapleg felles risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS- analyse) for Setesdal - 2025



INNHALD

1	Samandrag	4
2	Introduksjon – Bakgrunn, mål, føringar og avgrensingar.....	4
2.1	Bakgrunn og omfang av heilskapleg ROS	4
2.2	Mål, føringar og utfordringar for heilskapleg ROS	5
2.3	Organisering og involvering i analysearbeidet	6
2.4	Metode og prosess	8
2.4.1	Metode.....	8
2.4.2	Prosess.....	9
3	Kommunebeskriving	10
3.1	Fakta om regionen - som verksemd og geografisk område.....	10
3.2	Folketalsutvikling i regionen.....	11
3.3	Kommunane i ROS-samarbeidet	12
3.3.1	Bykle kommune	12
3.3.2	Valle kommune	13
3.3.3	Bygland kommune	14
3.3.4	Evje og Hornnes kommune	15
3.3.5	Iveland kommune.....	16
3.3.6	Åseral kommune	17
3.4	Kva skil den einskilde kommune frå resten?	18
3.5	Kommunane si kriseleiing og krisehandtering	18
3.6	Fysiske og naturgjevne tilhøve for regionen.....	19
3.7	Vêrtilhøve og klima	20
3.8	Vegnettet	21
3.9	Jernbane	22
3.10	Næringsliv, industri og turisme.....	22
4	Beredskapsaktørar i regionen	23
4.1	Politi	23
4.2	Brannvesen	23
4.3	Sivlforsvaret.....	24
4.4	Heimevernet (HV).....	25
4.5	Mattilsynet	25



4.6	Interkommunal utval mot akutt ureining (IUA)	25
4.7	Statsforvaltaren	25
5	Risikoområder - som kan gi sårbarheit ved uønskte hendingar	25
5.1	Innleiing	25
5.2	Matvareproduksjon og – distribusjon	26
5.3	Forsyning av medisinar	26
5.4	Trong for husly	26
5.5	Energiproduksjon og – forsyning	27
5.6	Drivstofforsyning	28
5.7	Elektronisk kommunikasjon (ekom)	29
5.8	Vass- og avløpsnett	30
5.9	Passasjer- og godstransport	30
5.10	Oppfølging av sårbare grupper	31
5.11	Helse- og omsorgstenester	31
5.12	Kommunale administrasjonsbygg	32
5.13	Informasjon og kommunikasjon ved kriser	32
5.14	Bank- og finanstenester	33
5.15	Dammar	33
6	Hendingar utanfor kommunen	33
7	Uønskte hendingar som påverkar kvarandre	34
8	Grunngiving for utveljing av hendingar	34
9	Uønskte hendingar	35
10	Oppfølging av risiko- og sårbarheitsanalysen	36
10.1	Forventningar til Statsforvaltaren	36
10.2	Forventningar til ekomleverandørar	37
10.3	Forventningar til kraftleverandørar	37
10.4	Forventningar til vegvesen og fylkeskommune	37
10.5	Forventningar til politi	37
10.6	Forventningar til brannvesen	37
11	Referansar	37
11.1	Referansar til ROS-analysen	37
12	Vedlegg	41

Bileta i denne analysa som ikkje er merkt med fotograf - er KI generert gjennom ChatGPT.



1 Samandrag

Eit risikobilette i stadig endring gjer at kommunane må gå gjennom og vurdere risiko og sårbarheiter i sitt nærområde. Denne risiko og sårbarheitsanalysen (heretter ROS-analyse) er utarbeidd i dataverktøyet DMAZE, eit nasjonalt dataverktøy som er kjøpt inn av DSB (Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap).

Sjølve analysane er unnateke offentleg innsyn då desse avdekkar sårbarheiter som kan misbrukast av andre. Det blir laga ein oppfølgingsplan som skal bidra til at analysen er dagsaktuell samt fangar opp nye risikoområde.

ROS-Setesdal 2025 identifiserer også risikoreduserande tiltak som vi forventar at dei ansvarlege aktørane internt og eksternt jobbar målretta med slik at regionen blir tryggare.

2 Introduksjon – Bakgrunn, mål, føringar og avgrensingar

2.1 Bakgrunn og omfang av heilskapleg ROS

Dette er ein felles risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for kommunane Bygland, Bykle, Evje og Hornnes, Iveland, Valle og Åseral. Sist revidering av ROS-analyse var i 2020.



Sidan den gong har risikobiletet endra seg ein del. Vi har vore gjennom ein pandemi. Klimautviklinga treff oss oftare, tydeligare og med større styrke enn før. Digitaliseringa i samfunnet går stadig fortare, som igjen gjev auka avhengigheit av ekomnett og kraftforsyning.

Totalforsvaret har fått auka fokus etter Russlands angrepskrig på Ukraina, med tilhøyrande flyktningsstraum. Auka globalisering gjer oss meir sårbare for hendingar langt borte som geopolitisk uro, pandemi, dyre- og plantesjukdommar.

Sjølvs om risikobilette har endra seg på desse 4 åra, blir ROS-Setesdal 2020 og ROS-Åseral 2019 nytta som grunnlag for denne utgåva. ROS-Agder 2024 som utarbeidd av Statsforvalteren i Agder, er òg eit dokument som er nytta som bakgrunn i denne

analysen.

Det er lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Siviltforsvaret (sivilbeskyttelseslova) som krev at kommunen skal utarbeide ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse). Etter forskrift om kommunal beredskapsplikt skal heilskapleg ROS-analyse omhandle:

- Eksisterande og framtidige risiko- og sårbarheitsfaktorar i kommunen
- Risiko og sårbarheit utanfor kommunen sine geografiske område som kan ha betydning for kommunen
- Korleis ulike risiko- og sårbarheitsfaktorar kan påverke kvarandre
- Utfordringar knytt til kritiske samfunnsfunksjonar og tap av kritisk infrastruktur
- Kommunen si evne til å oppretthalde si verksemd når den blir utsett for ei uønskt hending og evne til å gjenoppta sin verksemd etter at hendinga har inntreft
- Behovet for befolkningsvarsling og evakuering

Sjølve vurderingane rundt risiko- og sårbarheit inneheld følgjande:

1. Kva uønskte hendingar som kan komme til å hende i framtida
2. Sannsynet for at ei uønskt hending vil inntreffe
3. Kva konsekvens hendinga eventuelt vil få
4. Sårbarheit ved system som påverkar sannsynet for og konsekvens av den uønskte hendinga
5. Usikkerheit knytt til vurdering av hendinga
6. Forslag til nye tiltak og forbetringar av eksisterande tiltak

ROS-analysen skal vere ei hjelp til å finne fram til dei risikoane som er i vår regionen og i kva situasjonar lokalsamfunnet er spesielt sårbart. Fordi nest etter fysiske behov, er behovet for tryggleik det mest grunnleggjande av dei menneskelege behova. Å ta vare på liv og helse er den viktigaste funksjonen samfunnet har. Forventningane til at alle delar av samfunnslivet skal fungere effektivt til ei kvar tid er utbreidd oppfatning i vår del av verda. Mange har etter kvart vent seg til at alle ynske og behov skal kunne etterlevast straks – og til ei kvar tid. Ein kan gjerne kalle det «24/7 samfunnet» der alt skal fungere, og vi skal ha tilgang til alle «goder» heile døgnet, heile året.

Analysen skal vere eit grunnlag for å utarbeide beredskapsplanar og kriseplanar i kommunen og gjennom det identifisere risiko, kva førebyggjande og avhjelpande tiltak som bør settast i verk for å redusere sannsynet for ulike type hendingar samt avgrense konsekvensane dersom desse hendingane likevel skjer. Den fokuserer i hovudsak på hendingar som skjer i fredstid, men kommunen har også ansvar for befolkningas «ve og vel» i krigssituasjonar.

Sjølve vurderinga av risiko og sårbarheit innafor dei einskilte hendingane er unnateke offentlegheita då det her kjem fram detaljerte opplysningar om sårbarheita som ikkje er meint for allmugen.

2.2 Mål, føringar og utfordringar for heilskapleg ROS

Målet med ROS-analysen er å skape ei felles forståing av risiko og sårbarheiter i kommunane og vere retningsgjevande i det førebyggjande beredskapsarbeidet. Den skal òg vere ein viktig del av vårt felles planleggingsgrunnlag og på det viset bidra til effektiv krisehandtering og ei styrka samordning på tvers av organisasjonen i kommunen når det gjeld arbeidet med samfunnstryggleik. Saman skal vi gjere kommunen tryggare.

Utfordringar:

KLIMAUTVIKLING

Endringar i klimaet fører til at naturen i større grad enn tidlegare utfordrar samfunnet. Dette får innverknad på fleire felt som mellom anna skogbrann, flaum, vind, styrtregn, steinras og snøskred. Dette har vi teke med i prosessen i samband med utarbeiding av ny ROS-analyse. Tidlegare ROS-analyse har omtala endringar i vêret som ei hending, men ettersom det er stor skilnad på regn, snø og vind, er dette no delt opp i ulike hendingar.

TEKNOLOGISK UTVIKLING

Samfunnet vert meir og meir avhengig av elektronisk kommunikasjon (ekom). Dei fleste tenestene vert no digitalisert, og utfall av ekom og straum vil fort få store konsekvensar og ha innverknad på dei fleste hendingane som er omtala i analysen.

Digital teknologi har gjort kommunikasjon enklare og billigare, effektivisert produksjon og skapt ei rekke nye produkt og tenester. Bruk av digital teknologi griper inn i dei fleste områda innan privat og offentlig sektor, og avhengigheta av tilgang på breibandskapasitet er sterkt aukande. I løpet av dei ti siste åra har gjennomsnittshastigheit for tilknytning til internett blitt ti gonger

høgare. Fra 2003 – 2017 var ekomsektoren sitt bidrag til den gjennomsnittlege årlege produktivitetsveksten i norsk økonomi ca. 40 %. For å oppretthalde og utvikle digitale tenester og produkt, treng vi faste og mobile nett med tilstrekkeleg kapasitet og robustheit.

Det er mange faktorar som kan påverke stabiliteten og tilgjengelegheita til ekom, deriblant design av nettstruktur, graveskader, og naturhendingar. Utvikling innan den sikkerheitspolitiske situasjonen i Europa dei siste åra medfører større merksemd på beredskap og sikring av dei grunnleggjande nasjonale verdiane i Noreg. Datakriminalitet og uønskte menneskelege handlingar mot digitale system blir meir avanserte, og manglande tryggleik kan lett minke tempoet i viktig digitalisering i samfunnet. Ekom-sektoren er ein del av totalforsvaret i Norge, og den digitale infrastrukturen må tåle heile krisespennet frå fred til krise og krig.

UFRED I NÆROMRÅDA

Etter at Russland gjekk til ein fullskala invasjon av Ukraina i 2022 har dette ført til store endringar. Totalforsvaret er på nytt blitt eit aktuelt tema, og vi har vore vitne til ein straum av flyktingar til kommunar som vi ikkje har vore borti før. Hybrid krigføring er eit tema som oftare kjem opp i nyheitsbiletet. Tilsikta hendingar av personar eller statar som ikkje vil oss vel er difor no ein del av ROS-analysen som tidlegare ikkje har vore omtala.

DEMOKRATISK TILBAKEGANG (polarisering og “fake news”)

Internett, sosiale medier, andre digitale kommunikasjonsmiddel og ikkje minst kunstig intelligens (KI) er eigentleg noko ganske nytt for menneska. Utviklinga av dette akselererer fortare enn dei aller fleste klarer å henge med på. Og bruksområda er uendelege. Dei digitale moglegheitene gjev svært gode forhold for rask dialog og kommunikasjon ut til innbyggjarane. Men dei mange moglegheitene kan òg nyttast til å spreie einsidig informasjon, spreie desinformasjon, manipulere, spreie “fake news” med meir – som kan vere svært vanskeleg eller tilnærma umogleg for den einskilde borgar å skilje ut som det dei er. Det kan skape polarisering, mistru til myndigheiter og uro mellom menneske.

Demokratiet er under sterkt press.

2.3 Organisering og involvering i analysearbeidet

Dei som har arbeidd med felles ROS har i hovudsak vore beredskapskoordinatorane i kommunane:

- | | |
|---------------------|--------------------------------|
| • Odd Helge Liestøl | Åseral kommune (prosjektleder) |
| • Rune Larsson | Bygland kommune |
| • Vidar Johnsen | Bykle kommune |
| • Dag Haugland | Evje og Hornnes kommune |
| • Lars Ivar Gjerv | Iveland kommune |
| • Torleif Homme | Valle kommune |

Desse har igjen samla aktuelle personar innan eigen organisasjon som har bidrege i arbeidet med ROS Setesdal 2025

Bygland kommune:

- | | |
|---------------------------|-------------------------------------|
| • John Salve Sigridnes | kommunedirektør |
| • Knut Olav Forgard | leder økonomi og administrasjon |
| • Simon Ellingsberg | kommunalsjef oppvekst |
| • Trond Skjeggedal | driftsleder uteseksjon |
| • Leif Sigurd Helle | helse- og omsorgssjef |
| • Aslag Jørundland Brekke | leder samfunn/ass. kommunedirektør |
| • Geir Knutsen | HR-leder |
| • Sonja Lien Skjevrak | fagleder plan/folkehelsekoordinator |

Bykle kommune:

- | | |
|-------------------------|---|
| • Karina Sloth | kommunedirektør |
| • Kjetil Juva | kommuneoverlege |
| • Eirik Birkeland | tenesteleiar teknisk drift og eigedom |
| • Vidar Mortensen | prosjektleiar, jobbar med matsikkerheit |
| • Ragnhild Hoslemo | tenesteleiar pleie og omsorg |
| • Helene Nilsen | leiar HR og organisasjon |
| • Kjetil Vik | skulefagleg rådgivar |
| • Caroline Rysstad | tenesteleiar for barnehagane |
| • Lars Erik Domaas | tenesteleiar Bykle barne- og ungdomsskule |
| • Gisle Bonna Espedalen | tenesteleiar Fjellgardane skule |
| • Signe Sollien Haugå | plansjef |

Evje og Hornnes kommune:

- | | |
|----------------------------|---|
| • Astrid Louise Andersen | avdelingsleder service, kommunikasjon og digitalisering |
| • Anne Sofie Hornnes | ass. kommunedirektør |
| • Line Håberg Løvdal | rådgiver oppvekst |
| • Mona Enes | rådgiver helse |
| • Anne Bjørnevåg | enhetsleder helse |
| • Hallstein Kvamme Homdrum | enhetsleder omsorg |
| • Trude Engesland | enhetsleder drift og forvaltning |
| • Inge Eftevand | jordbrukssjef |
| • Lars Johan Skjeggedal | skogbrukssjef |
| • Siv Therese Kile Lie | plan- og miljøleder |
| • Steinar Tjessem | avdelingsleder drift – uteseksjonen |
| • Wiggo Østberg | VA-konsulent |
| • Albert Kjetså | driftsoperatør VA |

Iveland kommune:

- | | |
|----------------------------|--|
| • Egil Mølland | konst. kommunedirektør |
| • Monica Verdal | leder PLO; konst. ass. kommunedirektør; leder EPS |
| • Beate S. Frigstad | enhetsleder barnehage, kriseledelsen |
| • Finn Terje Uberg | seniorrådgiver stab, info (web, FB mv.) |
| • Eline Stedjan | kriseledelsen, konst. enhetsleder helse og velferd |
| • Jan André Myhren | ordfører |
| • Helén Kjellvand Eretveit | leder nødhospital. Stedfortreder kriseledelse. NK PLO. |
| • Margrethe Heisel | publikumstjenesten. Inspektør skolen. |
| • Lisa Eiken | infoleder rådgiver oppvekst |
| • Hans Ivar Eieland | avdelingsleder drift og utvikling |
| • Robert Bjørnestøl | rådgiver kommuneplanlegging. NK beredskapskoordinator |
| • Bjørn Mikal Engestøl | byggesak. Brann og redning |
| • Jonny Lilletveit | konst. enhetsleder Drift og utvikling. Kriseledelsen. |
| • Ole Kr. Hægeland | enhetsleder skole, kriseledelsen. |

Valle kommune:

- | | |
|---------------------|------------------------|
| • Vidar Homme | kommunedirektør |
| • Solveig Kyrvestad | leiar pleie- og omsorg |
| • Kjetil Juva | kommunelege |
| • Ole Birger Lien | informasjonsansvarleg |
| • Magnus Berg | leiar teknisk avdeling |

Åseral kommune:

- | | |
|-----------------------------|---|
| • Astrid Marie Engeli | leiar stab, kriseleiinga |
| • Lene Øyulvstad | skule- og barnehagefagleg rådgjevar |
| • Ellen Ubostad Haaland | personal- og organisasjon, kriseleiinga |
| • Rune Hole Nilsen | økonomisjef, leiar EPS |
| • Hilde Stuestøl Berg | einingsleiar samfunnsutvikling |
| • Laila Ljosland | einingsleiar helse og velferd |
| • Camilla Verdal | einingsleiar omsorg |
| • Kirsten Austenaa | einingsleiar barnehage |
| • Helene Håvorstad Ljosland | einingsleiar skule |
| • Kjell Ljosland | einingsleiar drift og vedlikehald |
| • Ann Kristin Tollefsen | einingsleiar kultur |

I tillegg har følgande delteke etter behov:

- | | |
|-----------------------------|--------------------------------------|
| • Vegard Nicolaysen | Statsforvaltaren i Agder |
| • Steinar Sørensen | Agder fylkeskommune |
| • Kjell Pedersen Rise | Ekomprosjektet |
| • Bjørn Erik Eskedal | Nkom (Norsk kommunikasjonsmyndighet) |
| • Arne Quist Christensen | Telenor |
| • Pål Lukashaugen | Telenor |
| • Tor Atle Skeie | Telia |
| • Terje Abusland Nilsen | Altifiber |
| • Ole Jørgen Dønnestad | Altifiber |
| • Oddbjørn R. Roaldkvam | Altibox/Lyse |
| • Leif Helge Skjelbred-Lahn | Glitre Nett |
| • Sigmund A Trydal | Å Energi |
| • Jan Åge Sakariassen | Politi - Åseral |
| • Kim Asbjørn Haugen | Politi - Evje |
| • Dag Hovden | Politi - Valle |
| • Jan Arild Åkre | Setesdal brannvesen |
| • Fredrik Langfeldt | Setesdal brannvesen |
| • Terje Spilling | Brannvesenet Sør |
| • Dag Svindseth | Aust-Agder Siviltforsvarsdistrikt |
| • Holger Hillesland | Vest-Agder Siviltforsvarsdistrikt |
| • Odd-Lasse Worum | DDV (Det Digitale Vestre Agder) |

2.4 Metode og prosess

2.4.1 Metode

Det er i ein ROS-analyse ikkje mogeleg å seie noko eksakt om grad av risiko i framtida. Til det er det for mange tilfeldige faktorar som påverkar sannsynet og konsekvensane. Ein har hatt som mål å gje eit grovt bilete av dei vesentlegaste risikoane i regionen.

Det kan over ein viss tidsperiode skje både fleire og færre uønskte hendingar enn det som går fram av denne ROS-analysen. På same måte kan konsekvensane verte mindre eller meir omfattande enn det ein har konkludert med i denne analysen.

Framfor alt er det viktig å redusere risikoen for liv og helse når ein ser på risiko ut frå samfunnssikkerheit- og beredskapsperspektiv. I tillegg til tap av liv og helse fører mange uønskte hendingar med seg store økonomiske kostnader. Det er derfor også økonomiske grunnar for å setje i verk førebyggjande tiltak. Ein del uønskte hendingar fører med seg at folk ikkje får dekkja sine grunnleggjande behov, m.a. i form av tryggleik, varme, huslyd, mat og vatn,

eller at ein får monalege forstyrringar i dagleglivet. Døme på dette kan vere at ein ikkje kjem seg på skule eller arbeid, eller at ein må hente vatn frå ein vasstank som kommunen har køyrt fram (eller må koke forbruksvatn). Ein del uønskte hendingar vil føre til alvorlege og langvarige, i verste tilfelle ubotelege, skadar på natur- eller kulturmiljøet.

Målet med den heilskaplege ROS-analysen for regionen er at der risikoen vert vurdert som særleg høg, må dette følgjast opp enten med risikoreduserande tiltak eller med meir detaljerte analysar i dei einskilde kommunane

2.4.2 Prosess

Analysen skal vere eit grunnlag for å utarbeide/ajourføre ROS-analysar for einingane i kvar kommune. Etter at overordna ROS og einings-ROS er ferdig skal både overordna beredskapsplanar og einingane sine beredskapsplanar oppdaterast i alle kommunane.

Gjennom ROS-analysen skal ein mellom anna identifisere kva for førebyggjande og avhjelpande tiltak som bør setjast i verk for å redusere sannsynet for ulike typar uønskte hendingar og avgrense konsekvensane dersom desse hendingane likevel skjer.

Analysen fokuserer i hovudsak på hendingar som inntreff i fredstid, men kommunen har også eit ansvar for innbyggjarane sitt "ve og vel" i krigssituasjonar.

I ROS Setesdal har ein arbeidd med å finne fram til dei hendingane som vurderes å ha høgast risiko for skade på menneske (liv og helse), stabilitet (manglande dekning av grunnleggjande behov og forstyrringar i dagleglivet), natur og miljø og materielle (økonomiske) verdiar i dag og i framtida.

Ein har ikkje berre vurdert uhell/hendingar som kan skje i regionen, men også vurdert hendingar utanfor regionen som kan få vesentleg innverknad på menneske, stabilitet, natur og miljø, materielle verdiar og kommunen sitt omdøme.

Dei aller fleste hendingane som vert omtala i denne analysen er hendingar som oppstår plutsleg, ofte utan forvarsel, så som brannar og bortfall av vassforsyning eller straumforsyning. Nokre hendingar utviklar seg litt seinare, slik at ein får tid til å setje i verk mottiltak.

3 Kommunebeskriving

3.1 Fakta om regionen - som verksemd og geografisk område

Areal: 5780 km²

Innbyggjarar: 9666

Bustader: 5489

Fritidsbustader: 9612



3.2 Folketalsutvikling i regionen

Tabellane under er basert på medium befolkningsframskriving

Folketalsutvikling Bykle kommune

	2024	2030	2040	2050
0 år	13	11	12	12
1-5 år	40	59	60	60
6-12 år	69	81	91	95
13-15 år	32	38	41	42
16-19 år	38	51	54	54
20-44 år	327	355	372	367
45-66 år	336	388	419	449
67-79 år	119	140	193	213
80-89 år	30	49	74	108
90 år eller eldre	7	5	17	25
SUM	1011	1177	1333	1425

Folketalsutvikling Valle kommune

	2024	2030	2040	2050
0 år	17	11	12	11
1-5 år	63	60	62	60
6-12 år	65	91	87	92
13-15 år	43	31	36	42
16-19 år	61	44	58	51
20-44 år	337	332	308	302
45-66 år	334	334	319	302
67-79 år	215	213	181	191
80-89 år	61	83	123	96
90 år eller eldre	9	13	26	40
SUM	1205	1212	1212	1187

Folketalsutvikling Bygland kommune

	2024	2030	2040	2050
0 år	11	10	11	10
1-5 år	37	55	59	55
6-12 år	97	87	84	88
13-15 år	35	44	38	42
16-19 år	52	64	50	53
20-44 år	302	309	315	301
45-66 år	374	403	412	393
67-79 år	219	220	214	258
80-89 år	45	77	115	108
90 år eller eldre	8	10	24	33
SUM	1180	1279	1322	1341

Folketalsutvikling Evje og Hornnes kommune

	2024	2030	2040	2050
0 år	39	40	39	37
1-5 år	198	211	215	202
6-12 år	350	328	323	323
13-15 år	184	162	142	147
16-19 år	207	247	193	190
20-44 år	1207	1266	1180	1097
45-66 år	1066	1203	1306	1285
67-79 år	523	539	583	685
80-89 år	166	235	279	316
90 år eller eldre	27	31	66	86
SUM	3967	4262	4326	4368

Folketalsutvikling Iveland kommune

	2024	2030	2040	2050
0 år	16	14	16	15
1-5 år	89	74	85	84
6-12 år	136	130	116	129
13-15 år	68	64	51	57
16-19 år	62	85	74	72
20-44 år	420	450	440	420
45-66 år	393	435	474	487
67-79 år	154	176	214	232
80-89 år	32	57	92	113
90 år eller eldre	10	5	17	30
SUM	1380	1490	1579	1639

Folketalsutvikling Åseral kommune

	2024	2030	2040	2050
0 år	7	8	7	6
1-5 år	46	41	39	30
6-12 år	79	70	56	55
13-15 år	36	36	27	24
16-19 år	49	45	40	32
20-44 år	273	243	198	175
45-66 år	282	291	256	241
67-79 år	103	130	171	148
80-89 år	33	38	63	100
90 år eller eldre	15	9	11	21
SUM	923	911	868	832

Kjelde: SSB

[14288: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter kjønn og alder, i 9 alternativer \(K\) 2024 - 2050. Statistikkbanken](#)

3.3 Kommunane i ROS-samarbeidet



3.3.1 Bykle kommune



Kommunen har eit areal på 1 467 km², og grensar i nord til Vinje (Telemark), i aust til Tokke (Telemark), i sør til Valle, Sirdal og Sandes (Rogaland) og i vest til Hjelmeland (Rogaland) og Suldal (Rogaland). Innbyggjartalet var 1. januar 2024 på 1 026 personar (458 husstandar).

Bykle er ein kommune med stor utstrekning. Busetjinga er i hovudsak konsentrert rundt Bykle kyrkjebygd og turiststaden Hovden.

Rådhuset er lokalisert i Bykle. Her finn ein òg helsehus, sjukeheim, barne- og ungdomsskule og barnehage. På Hovden er det ein barneskule, barnehage og vidaregåande skule. Hovden helsehus har kombinasjonsdrift saman med legekantoret i Bykle og Valle.

Bykle har 2 797 fritidshytter, der dei fleste ligg i tilknytning til hyttefelta på Hovden. Midtregionen er under utvikling og vil få mange fleire hytter i framtida. Hovden har alpinanlegg. Det er to hotell i kommunen, Bykle hotell, Hovdestøylen i tillegg til Hovden fjellstoge.

Kommunen har tre matvarebutikkar, ein i Bykle og to på Hovden, samt to bensinstasjonar i Bykle og på Hovden. Det er bygd ut ladestasjonar for elbilar i Bykle og på Hovden.

Bykle er ein kommune med stor utstrekning, men busetjinga er konsentrert rundt dalbotnen der elva Otra renn i den sørlegaste delen, og einskilde sidedalar.



Kommunen har eit areal på 1 265 km², og grensar mot Bygland i sør, mot Bykle og Tokke (Telemark) i nord, i aust mot Fyresdal (Telemark) og i vest mot Sirdal. Innbyggjartalet var 1. januar 2024 på 1 208 personar (560 husstandar). Valle har omlag 1 600 fritidsbustader, hovudsakleg lokalisert i Brokke, Myklevatn, Evardalen og Bjørnevatn. Som hyttekommune er det mange tilreisande i helger og fritid, sommar som vinter. Undersøkingar syner at talet på personar som til ei kvar tid held seg i kommunen i snitt ligg på omlag det dobbelte av talet på innbyggjarar. I høgtider og i fellesferien er talet endå høgare.

Valle kommune er ein kommune med stor utstrekning, men busetjinga er konsentrert rundt dalbotnen der elva Otra renn og einskilde sidedalar. Kommunen har to tettstader, Valle og Rysstad. Kommunehuset ligg i Valle sentrum, der ein også finn politistasjon, bank, NAV, daglegvarebutikk, husflid, bensinstasjon, sportsbutikk, hotell, serveringsstader, ladestasjonar m.m. På Rysstad er det daglegvarebutikk, bensinstasjon, hotell, ladestasjon og fleire utsalsstader og verkstader for køyretøy.

Valle bygdeheim er lokalisert i nærleiken av sentrum i Valle. Barne- og ungdomsskulen ligg i Valle, medan kommunen har to barnehagar (i skuleområdet i Valle og på Nomeland i Hylestad).



3.3.3 Bygland kommune



Foto: Knut Olav Førgard

Kommunen har eit areal på 1 312 km², og grensar i nord mot Valle, i aust mot Fyresdal (Telemark), Åmli og Froland, i sør mot Evje og Hornnes og i vest mot Åseral, Kvinesdal og Sirdal. Innbyggjartalet var 1. januar 2024 på 1 180 personar (542 husstandar).

Bygland kommune er ein kommune med stor utstrekning, men busetjinga er konsentrert rundt Byglandsfjorden, Åraksfjorden, dalbotnen der elva Otra renn og einskilde sidedalar. Bygland har 868 fritidshytter som i stor grad ligg langs fjorden og spreidd i heieområda.

Kommunen har to sentrum. På Bygland finn du kommunehus, legekontor, skule med 1.-10. trinn, barnehage og sjukeheim. I tillegg er det ein privat vidaregåande skule, KVS Bygland. På Byglandsfjord er det skule med 1.-7. trinn og barnehage. I tillegg har Sørlandet sjukehus si avdeling for rus- og avhengigheitsbehandling, ARA Byglandsfjord, tilhald her.

Det er tre overnattingsstader i kommunen, Ose Turistheim, Setesdal hotell og Revsnes hotell. I tillegg er det fem campingplassar. Det er ladestasjonar på Bygland og det er stasjon for drivstoff i Grendi, Bygland og på Ose. Det er tre matvarebutikkar i kommunen fordelt på Ose, Bygland og Byglandsfjord.



3.3.4 Evje og Hornnes kommune



Kommunen har eit areal på 587 km² og grensar i nord mot Bygland, i aust mot Froland og Birkenes, i sør mot Iveland, Vennesla og Lindesnes, i vest mot Lyngdal og Åseral. Dalføret har markert U-forma tverrprofil.

Busetjinga er i det meste konsentrert i dalføre (langsmed Rv 9) og over 70% bur i tettstaden Evje. Innbyggjartalet var 1. januar 2024 på 3 967 personar (1649 husstandar).

Men, det er gjennom heile året tydeleg høgare befolkning når reisande og besøkjande blir talt med, noko som må hensyntas ved planlegging og risikostyring. Auka kjem av at Evje er eit stort handelssenter, kommunen er ein godt besøkt feriestad (spesielt sommarstid), det er over 1700 hytter/ fritidsbustader i kommunen og det er ein gjennomfartsstad for reisande nord/sør (Kristiansand-Haukeli) og aust/vest (Arendal-Tonstad/Stavanger).

Kommunen har tre barnehagar (to kommunale), to barneskular, ein ungdomsskule, ein vidaregåande skule, ein folkehøgskule, ein leirskule, eit militært øvingsområde og eit fengsel. Den har fem større matvarebutikkar, fleire bensinstasjonar, fleire ladestasjonar for elbilar, fleire campingplassar, bobilcamping, vandreheim og Hotell.

Evje og Hornnes har, "innanfor normalen", ikkje vore kjend for særskilt utfordrande klimatiske forhold. Verken med tankar på kulde, varme/tørke, vind, vassføring eller nedbørsmengd. Seinare års klimaendringar, med hyppigare og meir utfordrande vêrsituasjonar, merkes også her.



3.3.5 Iveland kommune



Kommunen har eit areal på 262 km², og grensar i nordvest mot Evje og Hornnes, i nordaust og aust mot Birkenes og i sør og vest mot Vennesla. Innbyggjartalet var 1. januar 2024 på 1 380 personar (564 husstandar). Iveland har 280 fritidsbustader.

Iveland kommune er ikkje så stor i utstrekning. Busetjinga er godt fordelt over stort sett heile kommunen, men med hovudvekt på Birketveit, Vatnestrøm og Skaiå. Kommunen har ein skule i Birketveit og ein barnehage på Skaiå (Vatnestrøm barnehage er midlertidig nedlagt).

Kommunen har tre matvarebutikkar som ligg på Birketveit, Vatnestrøm og Skaiå, og ein bensinstasjon på Skaiå. Utbygd ladeanlegg for el-biler ligg på Birketveit.



3.3.6 Åseral kommune



Kommunen har eit areal på 888 km² og grenser mot Lyngdal og Hægebostad i sør, Kvinesdal i vest, Bygland i nord og Evje og Hornnes i aust. Innbyggjartalet var 1. januar 2024 på 923 personar (389 husstandar).

Åseral kommune er ein kommune med stor utstrekning. Busetjinga er spreidd rundt heile kommunen, men konsentrert rundt Kyrkjebygd som ligg i midten av kommunen.

Rådhuset er lokalisert i Kyrkjebygd. Her finn ein òg helsehus, sjukeheim, skule og barnehage.

Som hyttekommune er det mange tilreisande i helger og feriar og då spesielt vinterstid. Åseral har omkring 2 500 fritidshytter, der dei fleste ligg i tilknyting til hytteområda Bortelid, Eikerapen og Ljosland som også har alpinanlegg.

Det er to hotell i kommunen, Eikerapen gjestegard og Ljosland fjellstove.

Kommunen har to matvarebutikkar (Kyrkjebygd og Bortelid) samt to bensinstasjonar (Kyrkjebygd og Bortelid). Det er bygd ut ladestasjonar for elbilar i Kyrkjebygd, Bortelid, Eikerapen og Ljosland.

3.4 Kva skil den einskilde kommune frå resten?

Bygland kommune

Er einaste kommune med ferjetrafikk om sommaren (Bjoren) utan at dette er omtala i denne analysen.

Bykle kommune

Har dei største vassmagasina i regionen.

Kommunen med størst variasjon i innbyggjartal mellom 1000 til omlag 20 000 i høgtider.

Kommunen har alpinsenter.

Evje og Hornnes kommune

Er utpekt som mottaksplass for allierte styrkar i ein mobiliseringssituasjon. Det føreligg eige planverk for dette. Kommunen er eit handelssenter i regionen og har mange tilreisande gjennom heile året.

Iveland kommune

Er den einaste kommunen som har jernbane med 7 km jernbanespor på Sørlandsbanen som går gjennom kommunen.

- Tilhøyr eit anna regionsamarbeid (Region Kristiansand).

Valle kommune

Er ein hyttekommune med varierende folketal i høgtider (frå dryge 1200 fastbuande med mangedobling i høgtider). Kommunen har alpinsenter.

Åseral kommune

Er ein hyttekommune med fleire hytteområde spreidd i kommunen som gjev svært varierende folketal i høgtider og feriar (frå dryge 900 fastbuande til 15 000 i høgtider). Kommunen har 3 alpinsentere.

- Tilhøyre Vest-Agder sivilforsvarsdistrikt
- Politisamarbeidet går sørover til Farsund
- IKT-samarbeid DDV som er lokalisert på Vigeland
- Er ein del av Brannvesenet Sør som er lokalisert i Mandal

3.5 Kommunane si kriseleing og krisehandtering

Kommunen har følgjande plikter i beredskapssamanheng:

- Krav om gjennomføring av ROS-analyse, utarbeiding av beredskapsplanar og plan for kriseleing
- Ansvar for utarbeiding av plan for helsemessig og sosial beredskap
- Beredskapsansvar for brannar og andre ulykkeshendingar, jf. brann- og eksplosjonsvernlova
- Ansvar for å sikre drikkevasskvaliteten og tilfredsstillande forsyningssikkerheit samt utarbeiding av beredskapsplan for handtering av forstyrringar i vassforsyninga
- Sørgje for tilstrekkeleg beredskap mot akutt ureining som kan inntreffe eller medføre skadar i kommunen
- Vere førebudd på å hjelpe statsforvaltaren i å samordne tiltak lokalt og halde kontakt og rapportere til statsforvaltaren/atomberedskapsutvalet ved situasjon med atomforureining

Alle hendingar på landjorda og vassdrag vil skje i ein kommune. Dei hendingane som vert omtala i denne ROS-analysen vil kunne stille lokalsamfunnet overfor store utfordringar. Kommunane er på mange måtar ein av berebjelkane i beredskapsarbeidet i Noreg. Dei skal i størst mogeleg grad oppretthalde normale samfunnsfunksjonar og særleg sørgje for dei

funksjonane som er av stor viktigheit for innsatsen som vert sett inn i krisehandteringa. I tillegg skal kommunen:

- Yte hjelp ved ulykker og akutte hendingar
- Oppretthalde kommunen sine funksjonar og tenesteytingar og sikre nødvendige forsyningar
- Informere publikum og media om den innsatsen kommunen gjer, men ikkje ved hendingar der politiet har denne oppgåva
- Hjelp politiet ved evakuering
- Sørgje for innkvartering av og omsorg for evakuerte og pårørande
- Gjennomføre ulike oppryddingsaksjonar og andre tiltak for å verne miljøet

Til tider av året vil det kunne vere vanskeleg å samle kriseleiinga raskt på grunn av ferieavvikling mv. Det er derfor av stor viktigheit at også dei som er stedfortredar har fått opplæring og erfaring med å arbeide i kriseleiinga.

3.6 Fysiske og naturgevrne tilhøve for regionen

Landskapet i Setesdal er prega av dalen som har gitt regionen namn. Setesdal ovanfor Byglandsfjorden er trong, med nokre vide parti, men for det meste bratte fjellsider. Avstanden i luftlinje frå sør i Iveland kommune til nord i Bykle kommune er om lag 154 km. Sjølv om Åseral ikkje ligg i same dalføret så er landskapet likt med tronge dalføre omkransa av høge fjell.

Byglandsfjorden er 34 km lang og maksimalt 2 km brei. Den ligg litt over 200 moh. I austre del av Iveland kommune ligg Ogge. Dette vatnet ligg på litt under 200 moh. I Åseral ligg vatnet Øre rett sør for Kyrkjebygd. Øre er omkring 10 km langt, 700 meter på det breiaste og ligg omkring 260 moh.

- I Bygland kommune ligg om lag 70 % av arealet over 600 moh. På fjellviddene når einskilde toppar over 1 000 m. I Bygland er høgaste fjelltopp 1 162 moh. (Reinshornheii).
- I Bykle kommune ligg om lag 85 % av arealet over 900 moh. I Bykle er høgaste fjelltopp 1 507 moh. (Sæbyggjenuten).
- I Evje og Hornnes kommune ligg 74% av kommunearealet ligg mellom 300 og 600 moh., 22% frå 150 til 300 moh. og 4% over 600 moh. Den høgaste fjelltoppen 790 moh. (Midtstrandsknuten).
- I Iveland kommune er høgaste topp 550 moh. (Rubbeheia).
- I Valle kommune ligg meir enn 90 % av arealet over 600 moh. Den høgaste fjelltoppen ligg på 1 434 moh. (Urdalsknuten).
- I Åseral kommune ligg meir enn 80 % av arealet over 600 moh. Den høgaste fjelltoppen er Skoræ på 1 041 moh.

3.7 Vêrtilhøve og klima



Store delar av regionen har eit innlandsklima med kalde vintrar og ikkje spesielt varme somrar. Vanlegaste vindretning på Hovden er nordaustleg vind i sommarhalvåret og nordaustleg og sørleg vind i vinterhalvåret. Vanlegaste vindretning sør for sjølv dalføret i Setesdal er vestleg vind heile året. I sjølv dalføret Setesdal er vanlegaste vindretning langs dalen. I vinterhalvåret er det som oftast vind nedover dalen, medan det i sommarhalvåret er meir likt fordelt med vind oppover og nedover dalen.

I perioden 2018-2023 har nærare 50 % av farevarsel i Agder frå Meteorologisk institutt omfatta snø og is, 16 % av varsla omfatta regn, 10 % lyn, 10 % vind og 8 % skogbrannfare.

Regionen har i gjennomsnitt mellom 1 000 og 2 000 mm nedbør per år (Byglandsfjord: 1 305 mm og 6,7 °C, Bjåen: 1 035 mm og 1,3 °C og Åseral: 1 852 mm og 5,9 °C). I dei høgareliggjande og indre delane av regionen kan det vere store snømengder. Dette aukar sannsynet for stengde vegar, m.a. som følgje av ras.

Klimaet gjer kommunane i regionen sårbare på nokre område. Storm kan treffe regionen med stor kraft, og det kjem av og til store snøfall. Slike hendingar, ofte i kombinasjon, kan føre til trefall i store omfang som rammar infrastruktur som samferdsel, ekom og kraftforsyning - noko regionen har erfart dei siste åra.

Langs vassdraga kan flaum og overfløyming gjere skade på bygningar og anlegg. Den store graden av regulering med kraftverksdammar gjer at ein som oftast kan styre vassmengda i Otra og Mandalsvassdraget samt einskilde av sideelvane, noko som reduserer sannsynet for store og øydeleggjande flaumar. I tettbygde område har det vist seg at intenst regn gjev større vassmengder enn det dei naturlege eller etablerte avløpa greier å ta unna, med skadar på bygningar og vegar som resultat. I periodar om våren og forsommaren kan det vere langvarige tørkeperiodar. Dermed tørkar skog og mark ut, med stor brannfare i naturen som resultat.

Klima i Norge 2100

Hovudfunn i rapporten «Klima i Norge 2100» er utarbeidd av Norsk Klimaservicesenter som er eit samarbeid mellom Meteorologisk institutt, Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Uni Research.

Hovudfunna er berekna ut frå dagens klimabilete, med framleis er eit raskt aukande klimagassutslepp. Dette er venta klimaendringar som vil gjelde for Noreg fram mot 2100:

- Årstemperatur: Auking på ca. 4,5 °C (spenn: 3,3 til 6,4 °C)
- Årsnedbør: Auking på ca. 18 prosent (spenn: 7 til 23 prosent)
- Styrte regnepisodane blir kraftigare og vil førekomme hyppigare
- Regnflaumane blir større og kjem oftare
- Snøsmelteflaumane blir færre og mindre
- I lågtliggjande område vil snøen bli nesten borte i mange år, medan det i høg fjellet kan bli større snømengder i einskilte område
- Det blir færre isbrear, og dei som er igjen har blitt mykje mindre
- Havnivået aukar med mellom 15 og 55 cm avhengig av lokalitet

For Noreg er det særleg to endringar som vil skape utfordringar for samfunnet: Endringar i nedbør (med påfølgande overvatn- og flaumproblematikk) og havnivå.

SANNSYNLIG ØKNING	
 Ekstrem nedbør	Det forventes at episoder med kraftig nedbør øker vesentlig både i intensitet og hyppighet. Dette vil også føre til mer overvann
 Regnflom	Det forventes flere og større regnflommer, og i mindre bekker og elver må man forvente en økning i flomvannføringen
 Jord-, flom- og sørpeskred	Økt fare som følge av økte nedbørmengder
 Stormflo	Som følge av havnivåstigning forventes stormflonivået å øke

MULIG SANNSYNLIG ØKNING	
 Tørke	Det forventes ikke økning i sommernedbør, og høyere temperaturer og økt fordampning gir derfor økt fare for tørke om sommeren
 Isgang	Kortere isleggingssesong, hyppigere vinterisganger samt isganger høyere opp i vassdragene. Nesten isfrie elver nær kysten
 Snøskred	Med varmere og våtere klima vil det oftere regne på snødekt underlag. Dette kan redusere faren for tørrsnøskred og øke faren for våtsnøskred i skredutsatte områder
 Kvikkleireskred	Økt erosjon som følge av kraftig nedbør, og økt flom i elver og bekker, kan utløse flere kvikkleireskred

SANNSYNLIG UENDRET ELLER MINDRE	
 Snøsmelteflom	Snøsmelteflommene vil komme stadig tidligere på året og bli mindre mot slutten av århundret

USIKKERT	
 Sterk vind	Trolig liten endring
 Steinsprang og steinskred	Hyppigere episoder med kraftig nedbør vil kunne øke hyppigheten av disse skredtypene, men hovedsaklig for mindre steinspranghendelser
 Fjellskred	Det er ikke forventet at klimaendringene vil gi vesentlig økt fare for fjellskred

Kjelde: Norsk Klimaservicesenter

3.8 Vegnettet



Det er Statens vegvesen som er vegeigar for alle europavegar og riksvegar. Fylkesvegar i Setesdal-kommunane vert eigde av Agder fylkeskommune. Ein god del vegar vert eigde av kommunane. Det er også ein del private vegar i Setesdal-kommunane.

Rv. 9 er hovudfartsåra i regionen og går gjennom 4 av kommunane. Bykle, Valle, Bygland og Evje og Hornnes. Fv. 42 Arendal – Egersund går gjennom Evje.

Det er fem vegtunnelar i Setesdal. Den lengste vegtunnelen er Fånefjelltunnelen på rv. 9 langs Byglandsfjorden. Den er om lag 600 m lang. Dei fire andre tunnelane i Bykle og Bygland er kortare enn 500 m.

Store delar av vegnettet i Setesdalskommunane har særst lange omkøyingsvegar dersom vegen vert stengd. Nokre stader finns det ikkje mogelegheit for omkøyring. Eksempel på vegstenging som kan gje lange omkøyingsruter er rv. 9 på strekninga sør for Rysstad og på rv. 9 mellom Nomeland og Valle, samt fleire strekningar på rv. 9 lenger nord i Setesdal.

Fv. 450 kryssar regionen aust - vest over to fjelloverganger i Valle kommune . Den vestlege

delen, Brokke - Suleskarvegen mellom Valle og Sirdal, er vinterstengd mellom 1. november og 20. mai. Den austlege delen over Bjørnevattn mellom Valle og Dalen er heilårsveg, men utsett for stenging i samband med uvêr vinterstid.

I dei tilfella vegane i Setesdal-kommunane vert stengde, skuldast det som oftast alvorlege trafikkulykker, ras, sterkt snøfall eller flaum. God brøyteberedskap er særskild viktig. Rv. 9 har snart gul stripe heile strekket Kristiansand - Hovden og held god standard. Nokre vegar har ein lågare standard enn det som er ønskeleg, noko som m.a. kan føre med seg fleire alvorlege trafikkulykker.

Vegtrafikken representerer eit potensiale for store ulykker med mange skadde, tap av store materielle verdiar og miljøskadar.

3.9 Jernbane



Det er ei jernbanestrekning i Iveland kommune. Ei ca. 7 km lang strekning av Sørlandsbanen (enkeltspora jernbane) på strekninga forbi Vatnestrøm (vest for Oggevatn). Det er inntil 1,5 km frå banen til køyreveg. Det er vanskelege landingstilhøve for helikopter grunna vegetasjon og mykje vassdrag. Det er stor trafikk med både persontog og godstog på denne strekninga. På det meste kan det vere inntil 400 personar på eit persontog. Transport av farleg gods går føre seg

på natta. Det er ingen tunnelar på jernbanestrekninga i Iveland kommune, men fleire bruer over tverrgåande vassdrag, samt skjeringar. Terrenget er ikkje spesielt utsett for ras eller liknande.


Jernbanetrafikken representerer eit betydeleg potensiale for store ulykker med mange skadde, tap av store materielle verdiar og miljøskadar. Stenging av jernbanelinja kan skuldast steinras, snøskred, utgliding av massar under linja eller utvasking under brufundament, flaum, avsporing, kollisjon og straumbrot. Dei lengste stoppa av jernbanetrafikken får ein gjerne i samband med utrasing under linja og utvasking under brufundament.

På den aktuelle strekninga er det to planovergangar. Begge er berre for gåande og dei er sikra med grind.

Toga får straum frå lokale omformarstasjonar som er plassert langs jernbanelinja.

Omformarstasjonane vert forsynte frå det lokale høgspenningsnett. Også telefon-, sikrings- og signalsystema vert forsynte frå lokalt kraftnett. Nokre av dei viktigaste systema har i tillegg batteri som reserve.

3.10 Næringsliv, industri og turisme



I regionen er det ein del industri. Sett i høve til innbyggjartalet, er det få verksemdar som har eit høgt tal tilsette. Landbruk er ei viktig næring, men talet på sysselsette innan landbruket går ned. Sett i høve til lokal matvaretryggleik er dette ei ugunstig utvikling.

Få av verksemdene har noko stort potensiale for alvorleg skade ved brann, eksplosjon og utslepp av farleg avfall til vassdrag, jord eller

luft. Det er eit lager med eksplosjonsfarleg vare i regionen og propantank ved eit større føretak.

Evje er eit stort handelssenter med stor omsetting sett i forhold til kva innbyggartalet elles skulle tilseie. Med det følger mellom anna ei stor grad av besøk og gjennomfart.

Delar av regionen er viktige turistmål, både for dei som eig eigen fritidsbustad og dei som er her på meir kortvarige besøk. Setesdal mineralpark og Troll aktiv er mykje besøkte turistattraksjonar.

Spesielt i periodar om vinteren aukar folketalet i øvre delar av Setesdal sterkt, men det gjeld òg i Evje og Hornnes og Åseral. Det er fleire store hotell i regionen. Flest sengeplassar har Hovdestøylen hotell & lodge med om lag 300 sengeplassar, inkl. hytter og leilegheiter. Av andre store hotell har Revsnes 110 sengeplassar, Bykle hotell 60 sengeplassar, Eikerapen Gjestegard 80 sengeplassar (hotell og hytter) og Ljosland Fjellstove 35 sengeplassar (hotell og leilegheiter).

4 Beredskapsaktørar i regionen

4.1 Politi



Setesdalskommunane ligg under Agder politidistrikt. Det er politikontor i Valle, Evje og Hornnes og Åseral kommune. Iveland har felles politikontor med Vennesla kommune.

Politiet er ein av dei viktige aktørane innan sivil beredskap og vil ved mange av dei uønskte hendingane som vert omtala i denne ROS-analysen vere ein viktig samarbeidspartnar for kommunane si kriseleiing og kommunale etatar. Ei av politiet sine hovudoppgåver ifølgje politilova er å ta i vare publikum sin tryggleik og verne sentrale samfunnsfunksjonar og infrastruktur mot uønskte hendingar.

Det er politiet som leiar redningsoperasjonar og innsatsen ved større ulykker. Dette skjer gjennom Lokal redningssentral (LRS) eller Hovudredningssentralen (HRS) i dei største aksjonane.

Det er politiet som har ansvaret for å informere om redningsaksjonar som går føre seg.

Tiltak for å sikre straumforsyning, tele- og datalinjer og opne vegar er viktige faktorar for å redusere sannsynet for svikt i polititenesta.

4.2 Brannvesen

Setesdal brannvesen IKS er eit interkommunalt selskap kor Iveland, Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle kommune er med. Åseral kommune er ein del av Brannvesenet Sør IKS.

Totalt har brannberedskapen ein deltidstyrke på omkring 100 personar i tillegg til administrasjon. Deltidstyrken er organisert på følgande 9 brannstasjonar.

- Iveland brannstasjon med ein bil og tankbil
- Evje brannstasjon med ein bil, stigebil/lift, tankbil og skogbrannbil
- Byglandsfjord brannstasjon med ein bil og mannskapsbil



- Bygland brannstasjon med ein bil og tankbil
- Rysstad brannstasjon med ein bil og mannskapsbil
- Valle brannstasjon med ein bil og tankbil
- Bykle brannstasjon med ein bil stigebil/lift og tankbil
- Hovden brannstasjon med ein bil og tankbil
- Åseral brannstasjon med ein bil og tankbil

Kommunane skal i samband med sakshandsaming av plan- og byggesaker for utbygging blant anna sjå til at gjeldande krav til brannsikring vert følgt (til dømes sløkkevatnkapasitet jf. forskrift om brannforebygging § 21 samt byggteknisk forskrift § 15-7 og tiltak mot brannspreiing mellom byggverk jf. byggteknisk forskrift kapittel 11).

Setesdal brannvesen har sjølv definert følgande uønskte hendingar:

ID	Brann
1.	Brann fritidsbolig (dekker også boligbrann)
2.	Brann i bolig med risikoutsatte grupper
3.	Pipebrann (bolig)
4.	Brann i sentrumsområde med fare for spredning til flere bygg
5.	Brann institusjon
6.	Brann i bygg over 2 etasjer
7.	Brann internat-/hybelbygg
8.	Brann gjenvinningsanlegg
9.	Brann i næringsvirksomhet (treindustri/sagbruk/ båtbyggeri)
10.	Brann i kraftinstallasjon (stasjon/ tunnelanlegg/ trafo)
11.	Brann i overnattingssted
12.	Brann i campingplasser
13.	Terreng brann
14.	Brann i kjøretøy (bil/anleggsmaskin)
15.	Båtbrann
16.	Brann solcelleanlegg
17.	Brann museum/ kirke
Transporthendelser	
18.	Møteulykke rv. 9
19.	Utforkjøring farlig gods transport
Ulykker	
20.	Ulykke i terreng knyttet til fritidsaktivitet
21.	Drukningssulykke
22.	Leteaksjon (avtale fjellredning)
23.	Lekkasje farlig stoff (LPG/ drivstoff)
24.	Arbeidsulykke (klem/ fall/ velt)
Redning	
25.	Skred (stein/jord/snø)
26.	Ekstremvær (vind/nedbør)
27.	Dyreredning
Andre hendelser	
28.	PLIVO

4.3 Sivilforsvaret

Sivilforsvarets har to fredsinnsettingsgrupper (FIG) i regionen. Kvar av desse er sett opp med 24 personar. Den eine FIG-en er lokalisert til Bygland og den andre til Åseral og har normalt ei responstid på to timar (avhengig av reiseveg, tid på døgnet vår/føre mv.).

FIG-ane har eige opplegg med transport, samband, forsyning m.m. Dei har også monalege mengder lysutstyr, brannmateriell samt bårer og ullteppe.

Nød- og redningsetatane kan be om hjelp frå FIG ved å vende seg direkte til vakthavande for aktuelt sivilforsvarsdistrikt. Kommunen kan også be om støtte frå Sivilforsvaret direkte til vakthavande. Førspurnad om bistand vert alltid retta til vakthavande i det distriktet som ein høyrer inn under. For kommunane Bykle, Valle, Bygland Evje og Hornnes og Iveland vil det alltid vere vakthavande ved Aust-Agder Sivilforsvarsdistrikt (AASFD) som skal kontaktast. For Åseral vil det vere Vest-Agder Sivilforsvarsdistrikt (VASFD) som vil vere kontaktpunkt. Totalt har Sivilforsvaret 440 mannskapar i Agder som kan setjast inn ved behov.

4.4 Heimevernet (HV)

Setesdal HV vil kunne møte med over 100 mannskapar saman med HV-området Evje og Vennesla innan 24 timar etter at det vert retta spørsmål om hjelp. Heimevernet er sjølvforsynte med transport, leiging, samband, forsyning og forpleiing. Spørsmål om hjelp frå Heimevernet må rettast gjennom Statsforvaltaren.



4.5 Mattilsynet

Setesdal ligg i Region Sør-Vest. Mattilsynet har ei avdeling i Agder som dekker kommunane i regionen. Mattilsynet er ein viktig beredskapsorganisasjon i tilfelle ureining av mat eller drikkevatt og ved utbrot av dyre- eller plantesjukdomar. Mattilsynet sentralt har eiga beredskapsvakt og set stab ved ekstraordinære hendingar.

4.6 Interkommunal utval mot akutt ureining (IUA)

Setesdalskommunane deltar i dag i eit oppgåvefelleskap om interkommunalt utval mot akutt forureining for Midt Agder, der Kristiansand kommune er vertskommunen. Åseral kommune tilhøyr IUA Vest-Agder som held til i Mandal. Kommunalt oppgåvefelleskap om beredskap mot akutt forureining tar i vare deltakar-kommunane si lovfesta plikt til å ha beredskap mot akutt ureining. Det er plassert ut ei grunnpakke med m.a. lenser, bark, oppsamlingskar og pumpe ved brannstasjonane i alle kommunane. I tillegg er pakke B (diverse lenser og reinseutstyr) fordelt på brannstasjonane i Bygland, Valle, Åseral samt på Byglandsfjord brannstasjon kor utstyret er plassert ein spesialhengar.

4.7 Statsforvaltaren

Statsforvaltaren er staten sin representant på fylkesnivå. Statsforvaltaren har ei viktig rolle for å sikre at det nasjonale regelverket som er vedteke og dei mål som er fastsett innan samfunnssikkerheit og beredskap vert følgde opp i fylket og kommunane. Ei av oppgåvene for Statsforvaltaren er å samordne samfunnssikkerheitsarbeidet i fylket og vere ein pådrivar og rettleiar i beredskapsarbeidet.

Statsforvaltar har også ei viktig rolle ved krisehandtering. Han har også ei sentral rolle som regionalt ledd i beredskapen ved atomulykker.

Tiltak for å sikre straumforsyning, tele- og datalinjer, samt gode system for sikkerheitskopiering i IKT er viktige faktorar for å sikre at Statsforvaltar skal kunne utføre sine oppgåver på ein god måte.

5 Risikoområder - som kan gi sårbarheit ved uønskte hendingar

5.1 Innleiing

I denne delen av risiko- og sårbarheitsanalysen for Setesdalskommunane har vi omtalt og sett nærare på risiko og sårbarheit som finst innan forskjellige viktige samfunnsfunksjonar. Dei fleste er avhengige av at både straumforsyning og telenettet fungerer. Til dels er også dei ulike samfunnsfunksjonane avhengig av kvarandre. F.eks. er både brannvern, politi og helsevesenet avhengig av at vegane er opne for at dei skal kunne utføre oppgåvene sine på ein fullgod måte.

Alvorlege hendingar som m.a. storm, flaum, brann og eksplosjon vil kunne påføre viktig

infrastruktur skadar eller midlertidig stenging, noko som igjen kan lamme andre viktige samfunnsfunksjonar. Dette viser at det er ein nær samanheng mellom aktuelle hendingar, skadar på infrastruktur og svikt i samfunnsfunksjonar.

5.2 Matvareproduksjon og – distribusjon

Matvareforsyninga er ein kritisk samfunnsfunksjon. Det er mange private hushald og verksemdar som i dag ikkje har lager for meir enn nokre få dagars forbruk.

I regionen er det fleire daglegvarebutikkar. Desse vil under normal drift – utan omfattande hamstring – ha lager av matvarer i nokre dagar. Likevel er det ønskjeleg at alle hushald har eit



lite «kriselager» av daglegvarer som toler lagring utan bruk av kjøling eller frysing, for eksempel hermetikk. Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) ber kommunane auke medvitete blant innbyggjarane knytt til eigenberedskap. Innbyggjarane bes tilpasse seg til å greie seg sjølv (isolerte) inntil sju dagar. Kommunane må og sjå på eigenberedskapen til sjukeheim, skular og barnehagar. Er desse førebudd på ei krise?

Lokal matvareproduksjon både i landbruket og fiske samt akvakultur er viktige moment i ein situasjon der tilgangen på matvarer inn til regionen er avgrensa eller stoppar opp.

Tiltak for å sikre opne vegar, sikre forsyning av drivstoff og lokal matvareproduksjon er viktige

faktorar for å redusere sannsynet for svikt i tilførsel av mat i regionen.

5.3 Forsyning av medisinar

Helsevesenet, og omsorgstenesta i kommunane er avhengig av å få tilført diverse ressursar utanfrå for å kunne utføre ei tilfredsstillande teneste til innbyggjarane. Dette gjeld m.a. medisinar. Også mange av innbyggjarane i kommunen som ikkje får omsorgs- eller helsetenester frå kommunen er avhengige av å kunne kjøpe medisin regelmessig. Det er medisinutsal fleire stader i regionen. I samband med massevaksinerings, kan sentrale myndigheiter ha problem med å levere tilstrekkeleg med vaksine til ønskt tid.


Tiltak for å sikre opne vegar er viktig for å sikre forsyning av medisinar i regionen til rett tid.

5.4 Trong for husly

Ved einskilde uønskte hendingar vil det vere trong for å evakuere folk frå heimane sine m.a. i samband med at det er farleg å bu der ein periode eller at sambandet med sentrale delar av kommunen er brote. I slike høve kan det vere trong for at kommunen syter for mellombels husvære for dei evakuerte. Også i samband med at vegar eller jernbana vert stengt akutt og det samstundes er trafikantar eller passasjerar som treng husly i tida fram til vegen eller jernbana vert opna att, kan det vere trong for at kommunen syter for husly for ganske mange personar.

Det at kommunane har ein plan for slik midlertidig innkvartering vil redusere konsekvensane ved slike hendingar.

5.5 Energiproduksjon og – forsyning



Straumforsyninga er ein av dei viktigaste samfunnsfunksjonane vi har, og problem med strauforsyninga får konsekvensar for andre viktige samfunnsfunksjonar.

Glitre Nett som er netteigar i regionen opplyser at dei i heile sitt leveringsområde har ein gjennomsnittleg leveringsgrad på 99,98 %. Nedenfor er ut frå erfaring litt lengre i utkantstrok enn i sentrale strok.

Glitre Nett har 3 ulike nettnivå i regionen:

- Regionalnett (RN) – 60/110/132.000 volt
- Distribusjonsnett (DN) - 22.000 volt
- Lågspennett – 230/400 volt (Det er her dei aller fleste sluttkundane er tilkopla. Feil i overliggende nett (RN og DN) må feilrettast før feilretting kan starte i lågspennettet)

Regionen har einskilde område som er spesielt sårbare for bortfall av strauforsyning pga. mangel på alternative trasear dersom hovudlinja fell ut.

Bortfall av strauforsyning kan skuldast m.a. ising på straufleidningar med påfølgjande brot, tre som fell over linjene m.a. på grunn av sterk vind, lyn, feil på komponentar, kablar som vert grave over, brann eller annan skade på transformatorstasjonar, ras som skadar master og sabotasje. Ut frå erfaring får ein dei lengste straumbrota når dei skuldast sterk vind, kraftig torevær og store snømengder som rammar eit stort område. I slike tilfelle har straumen verte borte i inntil fem døgn.

Kommunane har utarbeidd ei liste saman med Glitre Nett der det er bestemt kva straumabonnentar som skal prioriterast ved straumrasjonering i den einskilde kommune.

Sannsynet for bortfall av straum i over 12 timar i heile eller store delar av Setesdal-kommunane er relativt stor (minst 1 gong i gjennomsnitt i løpet av 10 år). Straumbrot over fem døgn vert rekna som usannsynleg. Eit slikt langvarig bortfall av straum kan føre med seg at viktige samfunnsstenester må stenge eller får alvorlege driftsproblem.

Fleire kraftstasjonar i regionen utgjør produksjonssystemet i kraftforsyninga. Avhengigheita av det enkelte anlegget er derfor liten. Eit omfattande linjenett er bygd for å overføre og fordele den elektriske krafta frå kraftstasjonane til kundane. Drifts- og styringssystem for kraftforsyninga er viktige for at kraftforsyninga skal vere mest mogeleg sikker og effektiv.

Damanlegga som er tilknytt kraftproduksjonen er dimensjonert for ekstreme påkjenningar.

Problem i ein del av det store kraftnettet (sentralnettet) kan forplante seg til andre delar av nettet. Det er difor ikkje berre hendingar som skjer i regionen som kan føre med seg problem for strauforsyninga.

Alle aktørar som produserer eller transporterer elektrisk kraft inngår i Kraftforsyningens beredskapsorganisasjon, noko som sikrar at alle desse verksemdene har gode beredskapsplanar.

Tilførsel av straum frå fleire kraftstasjonar og frå ulike trasear er tiltak som reduserer sannsynet for bortfall av straum. Det er trong for at lokalsamfunnet sikrar seg med forsyning av nødstraumsaggregat på ein del bygningar. Sjukeheimar, kommunehus og vass- og

avløpsanlegg er aktuelle døme.

Ein stadig aukande del av bilparken blir no elektrifisert. Bortfall av straum vil fort virke inn på transport.

Dette er dei største årsakene til utfall av straum i regionen dei siste 3 åra (periode 01.10.2021 - 01.10.2024):

Bygland kommune – 27 utfall i perioden

1. Vind
2. Lyn
3. Trefall

Bykle kommune – 51 utfall i perioden

1. Vind
2. Snø/is
3. Overspenning

Evje og Hornnes kommune – 61 utfall i perioden

1. Lyn
2. Vind
3. Trefall

Iveland kommune – 38 utfall i perioden

1. Lyn
2. Snø/is
3. Trefall

Valle kommune – 42 utfall i perioden

1. Lyn
2. Trefall
3. Snø/is


Åseral kommune – 55 utfall i perioden

1. Snø/is
2. Lyn
3. Fugl

5.6 Drivstofforsyning

Drivstofforsyninga representerer ein svært viktig samfunnsfunksjon, og bortfall eller rasjonering av drivstoff vil få store samfunnsmessige ringverknader, sjølv om den mest naudsynte transporten vil verte prioritert.

Det er Energidepartementet som har det konstitusjonelle ansvaret for forsyninga av olje og drivstoff i Noreg.



Bensinstasjonane i regionen har vanlegvis berre drivstoff for forbruk i 3–5 dagar ved normalt forbruk. I tilfelle hamstring vil stasjonane bli tømde raskare. Det er sal av drivstoff på følgjande stader i regionen: Skaiå, Hornnes, Evje, Bortelid, Kyrkjebygd, Grendi, Bygland, Ose, Rysstad, Valle, Bykle og Hovden. Kommunane har gjerne sjølv ein eigenberedskap på diesel.

Bensinstasjonar har normalt ikkje nødstraumaggregat og vil av den grunn ikkje kunne levere

drivstoff ved bortfall av straum dersom ein ikkje har manuell pumpe.

Tiltak som sikrar opne vegar, nødstraumaggregat og mogelegheit for manuell pumping på bensinstasjonar reduserer sannsynet for svikt i drivstofforsyninga i kommunen.

5.7 Elektronisk kommunikasjon (ekom)



Samfunnet vårt har etter kvart vorte heilt avhengig av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT). Desse systema gjev større fleksibilitet, men har samstundes gjort oss sårbare når dei ikkje fungerer. Særleg system som er basert på internett gjer oss sårbare, og dei må derfor sikrast godt.

Tele- og datanettet er bygd opp med eit hovudnett som består av fiber og trådløst nett via basestasjonar. Framføringa av fiber til sluttbrukar og basestasjonar ligg nedgrave i grunnen, i vassdrag og heng i stolpar. Det gamle fasttelefonnettet med framføring via kopar er no lagt ned i heile regionen.

Brot i tele- og datanettet medfører straks store problem. Svært mange av dei samfunnsviktige funksjonane er avhengig av tele- og datanettet.

Til regionen er det fleire tilførselar av tele- og datasignal, men ein del av desse går i same trasé og nyttar dei same stolpane. Dette er noko som vert sett på i pilotprosjektet «Robuste ekomnett i og ut av Setesdalsregionen» saman med redundans (fleire føringsvegane inn og ut).


Om lag 70 % av brota i telenettet skuldast transmisjonsfeil. Resten skuldast i hovudsak bortfall av straum og teknisk feil på utstyr. Alle kommunane i regionen har ein prioritert basestasjon med forsterka batterikapasitet på 72 timar. Basestasjonane elles i mobilnettet har som oftast mellom fire og åtte timar driftstid etter at straumforsyninga er brote, avhengig av m.a. viktigheita av kvar basestasjon og trafikkmengda i den aktuelle perioden. Mange område vert dekkja frå meir enn ein basestasjon, slik at bortfall av berre ein stasjon ikkje skaper omfattande problem. Sikring av straumforsyning og auka batterikapasitet på viktige basestasjonar er med på å redusere sannsynet for bortfall av elektronisk kommunikasjon. Ca 100 mobile aggregat er stilt til disposisjon for Telenor på landsbasis. Desse kan verte sett inn på stader som ikkje har aggregatdrift og eige drivstofflager. Fordelinga av desse aggregata vil i ein situasjon der trongen er større enn tilbodet gjerast i samråd med fylkesberedskapsrådet. I tillegg vil ein på landsbasis få fem mobilvogner med transmisjon og radiolinje. Desse vognene kan køyrast ut i eit kriseområde og syte for trådløst samband til basestasjonar som har mista sambandet.

Alle nødetatar nyttar nødnett (TETRA) til kommunikasjon under ei hending. Ein har erfart utfall av nødnett i regionen som følge av straum- og fiberbrot.

Det er fleire område i regionen som manglar mobildekning, men totalt sett ligg vi godt over nasjonale normer. Dersom ein ser på mobildekning langs riksvegane og fylkesvegane så er det i hovudsak desse som skil seg ut i regionen:

Delar av fylkesveg 450 i Valle kommune har manglande mobildekning. Det gjeld Brokke-Suleskarvegen og ei strekning på Bjørnevatn. Fylkesveg 4032 mellom Kyrkjebygd og Ljosland i Åseral har òg ei lang strekning utan dekning.

5.8 Vass- og avløpsnett



Husstandar, institusjonar, skular, barnehagar, verksemdar etc. er svært avhengige av at ein får tilførsel av vatn i tilstrekkeleg mengde og med god kvalitet til ei kvar tid. Dersom avløpssystemet ikkje fungerer tilfredsstillande, vert tilhøva raskt utrivelege. Om lag 70 % av innbyggjarane i regionen har offentleg vassforsyning og nesten like mange er tilknytt offentleg avløp.

Det er 20 vassverk i Setesdalskommunane. Alle desse er godkjente av Mattilsynet. Nokon av vassverka hentar vatn frå grunnvatn i lausmassar medan dei fleste hentar vatn frå overflatevatn (vassdrag/innsjø). I tillegg er det ein del private vassverk i Setesdalskommunane som treng godkjenning.

Av dei hendingane som kan setje vassforsyning og avløpshandtering heilt eller delvis ut av drift er m.a. straumbrot, leidningsbrot, teknisk svikt, ureining og sabotasje.

Klimaendringar kan påverke sannsynet for problem med vassforsyning og avløpshandtering. Eksempel på dette er ekstreme nedbørsmengder som kan medføre at ureining vert ført ut i drikkevasskjeldene og langvarige tørkeperiodar som medfører at drikkevasskjelder tørkar ut. Alle dei kommunale vassverka i regionen har god kapasitet på kjeldene.

Folkehelseloven angir at det er kommunen sitt ansvar å ha oversikt over det drikkevatnet som vert levert i eige område, og at dette har tilfredsstillande kvalitet. Svært ofte er kommunen også eigar av vassverket og har ansvaret. Ved utbrot av sjukdom som er foruårsaka av drikkevatnet, har den kommunale smittevernmyndigheita og det lokale Mattilsynet i samarbeid ansvar for å identifisere kjelda og eventuelt gje pålegg om å setje i verk nødvendige tiltak.

Klimaendringar kan òg føre til problem med avløpssystema m.a. ved at store nedbørsmengder fører til at kapasiteten på reinseanlegga vert overskriden i dei områda der det ikkje er skilt mellom overflatevatn og avløpsvatn. Dermed går delar av avløpsvatnet ureinsa ut i resipienten.

Ringleidningar på vassforsyninga og god sikring av vasskjeldene er med på å redusere sannsynet for svikt i vassforsyninga.

5.9 Passasjer- og godstransport

Samfunnet er avhengig av at transportsektoren fungerer normalt. Dette er spesielt viktig i ein situasjon der det har skjedd ei større uønskt hending.

Med den viktige trafikkåra rv. 9 gjennom fire av dei seks kommunane i regionen, og delar av Sørlandsbanen gjennom Iveland kommune, er det stor trafikk av passasjerar og gods både på veg og jernbane gjennom regionen. Det er derfor av stor viktigheit både for innbyggjarane i Setesdalskommunane, for trafikantar og næringslivet at samferdselsårene er opne og fungerer som planlagt til ei kvar tid. På rv. 9 er talet på køyretøy om lag 2 500 per dag gjennom Evje og om lag 1 700 per dag gjennom Valle.



Ein del av godset som vert frakta på vegar og jernbanen er farleg gods. På rv. 9 ligg den årlege mengda med farleg gods mellom 10 000 og 25 000 tonn. Dei typane farleg gods som det vert frakta mest av på vegane er brannfarleg vare (m.a. drivstoff), gassar, giftige stoff og etsande stoff. På jernbanen gjennom Iveland kommune vert det årleg frakta mellom 10 000 og 50 000 tonn farleg gods.

Tiltak som sikrar at både vegar og jernbanestrekning er opne til ei kvar tid er med på å redusere sannsynet for problem med passasjer- og godstransport.

5.10 Oppfølging av sårbare grupper

Med sårbare grupper meiner ein her personar med redusert funksjonsevne, psykiske vanskelegheiter, utfordringar med rus, framandspråklege, barn og personar med lite nettverk.

Dei nemnde gruppene er særleg utsette ved ulike typar uønskte hendingar, og kommunen må ha førebudd tiltak for å ta vare på desse når uønskte hendingar skjer. Det gjeld mellom anna ved bortfall av straumforsyning (nedkjøling, vanskar med å lage mat), bortfall av ekom (ikkje mogeleg å utløyse alarmer) og i samband med å få ut livsviktig informasjon til dei som ikkje har norskkunnskap. Radikalisering som følge av pågåande samt manipulativ påverknad av "deep fake" gjennom digitale kanalar.



5.11 Helse- og omsorgstenester

Det er viktig at det over alt i kommunen er tilstrekkeleg tilgang til ambulansetenester, legetenester m.m. Det er ambulanse med base på Evje, Bygland, Valle, Hovden og Åsral heile døgnet.

I Kristiansand og Arendal er det sjukehus med akutfunksjon. Sjukehuset i Kristiansand ligg om lag 65 km køyreveg frå Evje og om

lag 215 km frå Hovden. Sjukehuset i Arendal ligg om lag 80 km køyreveg frå Evje og om lag 230 km frå Hovden. Ved sjukehuset i Arendal er det ambulanshelikopter. Avstanden frå Åsral (Kyrkjebygd) til sjukehuset i Kristiansand er om lag 80 km.

Det er legekontor i alle kommunane i regionen. Utanom opningstidene for legekontora er det legevakt i Bygland/Evje (i Arendal om natta) og Bykle/Valle. Iveland har samarbeid med Vennesla kommune på kveld og Kristiansand natt og helg. Åsral har eige legevaktsamarbeid sørover.

Omsorgstenesta i regionen tilbyr heimesjukepleie der ein gjev pleie og omsorg til sjuke og personar med nedsett funksjonsevne i deira eigen heim. Tenesta kan for eksempel inkludere sårbehandling, personleg stell og medikamenthandtering. Omsorgstenesta har også tilbod om praktisk hjelp i heimen til dei som treng det.


Helse- og omsorgstenestene vil spesielt verte utsett for store påkjenningar ved utbrot av epidemiar/pandemiar, brann i lokala, langvarig svikt i straum eller vassforsyning, svikt i IKT-systema samt ved brot på tele- og datanettet. Sjukehusa og dei andre helsetenestene er i tillegg avhengig av forsyning av legemiddel og andre varer og tenester. For at ambulansetenesta og omsorgstenesta skal fungere, er ein avhengig av at vegane er opne, ettersom kapasiteten på ambulanshelikopter ikkje er så stor at den kan overta all nødvendig ambulanseteneste. Ambulansetenesta og omsorgstenesta er også avhengig av at ein har tilstrekkeleg tilgang på drivstoff.

Tiltak for å sikre straumforsyning, tele- og datalinjer samt gode system for sikkerheitskopiering i helsetenesta sin IKT er viktige faktorar for å redusere sannsynet for svikt i sjukehus-, helse- og omsorgstenestene.

5.12 Kommunale administrasjonsbygg

Det er seks rådhus i regionen. Det er installert brannalarmanlegg i alle desse bygningane. Kommunane har klart for seg kvar ein elles ville etablere kriseleing dersom det oppstår brann i administrasjonbygg.

5.13 Informasjon og kommunikasjon ved kriser



I dag skjer det ei særskildt rask utveksling av informasjon i samfunnet. Så lenge tele- og datanettet fungerer, vil det gå kort tid frå ei alvorleg hending skjer til den er allment kjent. Etatar som har ansvar for krisehandtering må vere godt førebudde og medvitne det ansvaret som kviler på dei for å gje rask og riktig informasjon både til andre etatar og til publikum, inkl. media.

Det er viktig å kommunisere ut til innbyggjarane, næringslivet, andre myndigheiter etc. om kva for risikoar som er i kommunen – og kvar ein kan vente å få informasjon dersom ei krise skulle oppstå. Ein må m.a. ha ein strategi for informasjon i dei tilfella dei vanlege informasjonskanalane ikkje fungerer som følgje av for eksempel straumutfall, brot i tele- og datanettet eller som følgje av samanbrot innan IKT.


Ein må ha planar for varsling av dei som oppheld seg i (aktuell del av) kommunen i dei tilfella livsviktig informasjon må ut raskt, enten det gjeld utslepp av farlege gassar eller stoff frå verksemdar eller i samband med uhell på vegane, dambrot, ureining av vassforsyninga, ureining i matforsyninga eller anna.

Krisekommunikasjonen som går ut på å informere om korleis krisa utviklar seg, kva for tiltak som er sett i verk for å redusere konsekvensane, samt kva den einskilde kan gjere for å avhjelpe situasjonen, må vere førebudd og tilpassa målgruppa. Her vil bruk av lokale radiostasjonar kunne vere ein nyttig ressurs i den grad det ikkje er bortfall av straum. System for varsling av abonnentar som har adresse innan visse geografiske område er også nyttig i slike tilfelle. Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes og Iveland har eit slikt system, kalla Varsling 24. I Bykle og Åseral blir systemet UMS Everbridge lokasjonsvarsling nytta. Manglande, mangelfull eller feilaktig informasjon frå myndigheitene si side vil ofte føre til ryktespreiing som kan påverke hendinga i negativ retning og samstundes gjere innbyggjarane redde.

Tiltak for å sikre straumforsyning, tele- og datalinjer, samt gode sikkerheitskopisystem i kommunen sin IKT er viktige faktorar for å redusere sannsynet for svikt i informasjonstenesta.

5.14 Bank- og finanstenester

Bank- og finanstenestene er ein viktig del av samfunnet i samband med overføring av pengar frå kundar til næringsdrivande, mellom næringsdrivande, frå arbeidsgjevar til arbeidstakar, den einskilde bankkunde si mogelegheit til å ta ut pengar frå minibank etc.



Valle Sparebank har hovudkontor i Valle, medan Evje og Hornnes Sparebank og sparebank Sør held til på Evje. Sparebanken Sør har avdelingskontor utan fast opningstid på Hovden, Bygland og i Åseral. Bankane har krav om å ha kontantar og manuelt betalingssystem i tilfelle dei elektroniske betalingssystema fell ut av drift over lengre tid. Det er NETS (tidlegare Bankenes Betalingssentral, BBS) som køyrer alle transaksjonar på kort, autogiro, avtalegiro, e-faktura etc.

Ved langvarige problem i bank- og finanstenestene vil det kunne oppstå problem for alt frå den einskilde innbyggjar sin økonomi til samfunnsøkonomien.

For at desse tenestene skal fungere, er ein m.a. avhengig av at det er straumforsyning, at tele- og datalinjer er operative og at IKT-systema i bankane fungerer tilfredsstillande.

Tiltak for å sikre straumforsyning, telefon- og datalinjer, samt gode system for sikkerheitskopiering og mot hacking og virus i bankane sin IKT er viktige faktorar for også å redusere sannsynet for svikt i bank- og finanstenester.

5.15 Dammar



Det er 73 dammar i regionen. Kvaliteten på dei store dammane vert vurdert som god. Dei er m.a. konstruerte for å tole ein 1 000-årsflaum utan å verte skada. Det er dameigar som har ansvaret for dammane. Norges vassdrag- og energidirektorat (NVE) er tilsynsmyndigheit.

Følgjande kan vere utsett i samband med dambrot: bustadhus/bustadområde, driftsbygningar med dyr, offentlege bygningar, næringsbygningar, friområde, linjenett for elektrisitet og

telekommunikasjon, vegar, kort sagt ALT nedstraums!

Det er viktig at ein i den kommunale arealplanlegginga er medviten den risikoen dammar utgjær. Sannsynet for dambrot er særst liten ettersom dammane er bygde med svært stor tryggleik og har eit omfattande kontrollprogram. Konsekvensane ved eit brot vil kunne bli katastrofale.

6 Hendingar utanfor kommunen

I tillegg til uønskte hendingar i kommunen må vi vere førebudd på å handtere hendingar som skjer utanfor kommunen/regionen, hendingar som vil kunne påverke innbyggjarane i vår kommune.

Mellom desse hendingane er:

- Ulykker/naturkatastrofar der personar frå våre kommunar er involvert
- Svikt i matforsyning og drivstofforsyning, samt finansielle tenester
- Svikt i straumforsyning
- Svikt i ekom
- Atom- eller strålingsulykke
- Ureining av vassdrag eller luft

- Hendingar som påverkar samferdsle (for eksempel vulkanutbrot som påverkar flytrafikk, vegstenging i nabokommunar)

For nokre av desse hendingane vil det ha lite å seie for kommunen si krisehandtering om hendinga skjer i eller utanfor eigen kommune, mens for andre av hendingane vil det kunne by på større utfordringar dersom hendinga skjer langt frå eigen kommune.

7 Uønskte hendingar som påverkar kvarandre

Mange samfunnssektorer er svært avhengige av kvarandre sine tenester. Matrisen nedanfor viser denne samanhengen:

	Straum-forsyning	Ekom	Transport-nettet	Vatn- og avløpsnett
Straumforsyning		X	X	
Ekom	X			
Vatn og avløp	X	X		
Transporttenester	X	X	X	
Banktenester	X	X		
Helsetenester	X	X	X	X
Kommunikasjon	X	X		
Matvareforsyning	X	X	X	
Leiging og politi	X	X	X	
Brannberedskap	X	X	X	X
Drivstofforsyning	X		X	

Som matrisen viser, er alle dei andre samfunnsfunksjonane avhengig av straumforsyninga og dei aller fleste er avhengig av at ekom er på plass.

Eit døme på sektorar som er gjensidig avhengig av kvarandre er at IKT-sektoren er avhengig av at det er straum tilgjengeleg, medan straumsektorene er avhengig av at IKT-systema fungerer.

8 Grunngeving for utveljing av hendingar

Utveljing av hendingar baserer seg på tidlegare ROS-analyser samt erfaringar frå dei siste åra. I tillegg har vi sjølv sagt teke omsyn til ROS-Agder som vart ferdigstilt i 2024.

Vi har gjennomgått følgande hendingar som **IKKJE** er teke med i det vidare arbeidet:

- **KLIMAENDRINGAR:** Dette har vi ikkje teke med då dette blir for generelt. Vi har difor analysert kvar einskild tenkt hending som er påverka av klimaendringane for å få eit betre bilete.
- **RADIKALISERING:** Dette har vi ikkje gått vidare med, men er nemnd i ROS for redusert styringsevne. Vi meiner temaet høyre meir heime hjå overordna myndigheit.
- **LUFTFARTSULYKKER:** Dette utgjer så liten del med trafikk at det ikkje er teke med.
- **BÅTULYKKER:** Det er berre mindre transport med båt i regionen. Dampskipet Bjoren transporterer mindre mengde folk i ein kort periode sommarstid, men vi har valt å ikkje lage ei eiga analyse på dette.
- **FRITIDSBÅTER:** I noen kommuner er det en viss aktivitet av fritidsbåter sommerstid, med de farer for ulykke det medfører.
- **TRANSPORT AV FARLEG GODS:** Dette blir fanga opp gjennom andre analysar.
- **EKSTREMSPORT:** Regionen har ein del arrangement innan det som kan kallast ekstremsport, som rafting, via ferrata, paragliding m.m. Det blir utarbeidd egne analyser for desse hjå ansvarleg arrangør. Vi har difor valt å ikkje ta med dette i den overordna ROS-analysen.

- **SØK ETTER SAKNA PERSONAR:** Dette har tidlegare vore med i ROS for Åseral, men vi har ikkje teke det vidare då ein ser at kommunen ikkje vil bli så mykje involvert i dette før det er tale om etablering av EPS (Evakuerte og Pårørande Senter), som vi har godt planverk på.
- **KRIG:** Det er i fyrste rekke ei oppgåve for militær og sivilforsvar som vil jobbe med dette temaet. Vi har prøvd å ta inn tilsikta hendingar i denne analysen utan å gå konkret inn på krigshandlingar. Samstundes har Iveland og Evje og Hornnes kommune fått i oppdrag å lage planverk for transport gjennom kommunen og mottak av allierte styrkar i samband med ei mobilisering.

I høve til tidlegare analyse er følgande punkt teke vekk frå den overordna ROS-analysen og blir vidareført i underliggende ROS-analyser:

- Overgrep mot barn
- Bortføring av barn frå barnehage/skule
- Ulykker i samband med turar og ekskursjonar for barnehage, skule og SFO
- Brann legesenter/helsesenter/legevakslokale
-

9 Uønskete hendingar

Vi gjer merksam på at lista over hendingane er sortert etter registreringsnummer i datasystemet og ikkje etter type hending.

ID	UØNSKT HENDING
1	Store nedbørsmengder og flaum i vassdrag - isgang
2	Skogbrann - brann i naturen
3	Kraftige vindhendingar som kan føre til skade på bygningar og infrastruktur
4	Bortfall av ekom
5	Jord- og steinras samt snøskred som blokkerer vegar eller trugar busetnad/næringsområde/kritisk infrastruktur
6	Snøskred i område med skiaktivitet eller nær bebudde område
7	Forureining til jord, vatn eller luft
8	Langvarig straumbrot
9	Alvorlege ulykker på vegar eller i tunnelar med mange skadde og store trafikkforstyrringar
10	Epidemi/pandemi eller utbrot av smittsame sjukdommar i befolkninga
11	Samanbrot i kommunen sitt datasystem
12	Stengte vegar i lengre tidsperiode
13	Dambrot
14	Utbrot av smittsame sjukdommar hjå husdyr og vilt
15	Svikt i vassforsyning over 8 timar
16	Brann i institusjonar

ID	UØNSKT HENDING
17	Brann i kommunehus/rådhus
18	Tilsikta uønskt handling
19	Atom- og strålingsulykker
20	Massetilstrømming av flyktningar
21	Avsporing eller andre togulykker i samband med person- og godstrafikk
22	Store snømengder over kort tid. Kan ofte vere i kombinasjon med mykje vind
23	Den ukjende hendinga
24	Utbrot av plantesjukdom
25	Alvorlege datavirus eller cyberangrep mot kritiske IT-system i kommunen
26	Forureining av kommunalt drikkevatt enten ved uhell eller gjennom medvitne handlingar
27	Mangel på mat og medisinar grunna forstyrringar i leveransekedar nasjonalt eller internasjonalt
28	Vald og trugslar mot tilsette
29	Personopplysningar kjem på avveg
30	Ukritisk/prematur bruk av KI (Kunstig Intelligens) i offentleg sektor
31	Redusert styringsevne
32	Feil i offentlege avløpssystem

10 Oppfølging av risiko- og sårbarheitsanalysen

Denne risiko- og sårbarheitsvurderinga vil vere grunnlaget for prioriteringar i framtida og vil samstundes vere grunnlaget for å få oppdatert kommunen sin beredskapsplan og tilhøyrande tiltakskort.

10.1 Forventningar til Statsforvaltaren

- Statsforvaltaren må vere ein pådrivar mot sentrale styresmakter for at kommunane skal få øyremerkte midlar til dette arbeidet. Krav til kommunane når det gjeld oppfølging av beredskapsarbeid har eskalert dei siste åra og vil med stort sannsyn framleis auke i åra framover (jf. totalberedskapsmeldinga)
- Syte for tett oppfølging av politiet sitt arbeid med å få på plass gode varslingsrutinar ved dambrot
- Jobbe for å få på plass ei forenkla nasjonal løysing for rydding av linjetrasear som ikkje krev godkjenning frå kvar einskild grunneigar
- Koordinere arbeidet med å oppretthalde god dialog mot leverandørar av straum og ekom for å oppnå eit best mogleg resultat for heile regionen, m.a. jobbe for at luftkablar berre blir nytta unntaksvis der det er einaste alternativ
- Kommunane meiner at ROS-Agder har for lite fokus på vassforsyning og avløpshandtering. Dette meiner vi er svært viktige faktorar i samfunnsberedskapen

10.2 Forventningar til ekomleverandørar

- Tek kontakt med kommunen før dei etablerer nye linjer og stasjonar i kommunen for avklaring kring sårbarheit og føringsvegar
- Få på plass gode rutinar for rydding av stolpetrasear FØR uhellet er ute
- Få på plass ein eigen stad der kommunane kan melde inn skadar
- Halde årleg gjennomgang med kommunane for ei oppdatering av status

10.3 Forventningar til kraftleverandørar

- Få på plass gode rutinar for rydding av stolpetrasear FØR uhellet er ute
- Halde årleg gjennomgang med kommunane for ei oppdatering av status
- Endringar eller nye trasear blir avklart med kommunen i førekant
- Tidleg varslings ved straumbrot i kommunen

10.4 Forventningar til vegvesen og fylkeskommune

- Det blir lagt ned trekkerøyr i ALLE utbetningsprosjekt på riks- og fylkesvegar
- Tidleg varslings ved hendingar som vil berøre kommunen

10.5 Forventningar til politi

- Tidleg varslings ved hendingar i kommunen som KAN kome til å involvere kriseleining og kriseteam
- Årlege møtepunkt for koordinering av kommuneberedskapen opp mot politi
- Innspel til kommunalt arealplanarbeid

10.6 Forventningar til brannvesen

- Tidleg varslings ved hendingar i kommunen som KAN kome til å involvere kriseleining og kriseteam
- Årlege møtepunkt for koordinering av kommuneberedskapen opp mot brannvesen
- Innspel til kommunalt arealplanarbeid

11 Referansar

11.1 Referansar til ROS-analysen

- **Forskrift om kommunal beredskapsplikt**
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2011-08-22-894>
- **Lov om kommunal beredskapsplikt**
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2010-06-25-45/>
- **ROS Agder 2024**
<https://www.statsforvalteren.no/agder/samfunnssikkerhet-og-beredskap/ros-agder/risiko-og-sarbarhetsanalyse-agder-ros-agder/>
- **Lov om nasjonal sikkerhet (sikkerhetsloven)**
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-01-24>

Hending	Lenke
Store nedbørsmengder og flaum i vassdrag - isgang	- Varsom.no https://www.varsom.no/ - Flaumsoneskart Agder https://www.nve.no/naturfare/utredning-av-naturfare/flom-og-skredfare-i-din-kommune/faresonekart-kommuner/agder/ - Tiltak mot isproblem i vassdrag (NVE) https://www.nve.no/naturfare/laer-om-naturfare/toerke/vintertoerke-og-isproblemer-i-vassdrag/tiltak-mot-isproblemer-i-vassdrag/ - Værio.no https://xn--vrio-voa.no/
Skogbrann - brann i naturen	- Brannvesen Sør IKS https://www.brannsor.no/ - Setesdal brannvesen IKS https://www.sb-iks.no/
Kraftige vindhendingar som kan føre til skade på bygningar og infrastruktur	- Værio.no https://xn--vrio-voa.no/ - Vindkast (varsom.no) https://www.varsom.no/vaervarsling/?event=wind#MET_wind - Glitre nett https://www.glitrenett.no/ - Telenor https://www.telenor.no/bedrift/ - Telia https://www.telia.no/bedrift/ - Ice https://www.ice.no/bedrift/ - Altifiber https://www.altifiber.no/
Jord- og steinras samt snøskred som blokkerer vegar eller trugar busetnad/ næringsområder/ kritisk infrastruktur	- Varsom.no https://www.varsom.no/ - Faresonekart for Agder https://www.nve.no/naturfare/utredning-av-naturfare/flom-og-skredfare-i-din-kommune/faresonekart-kommuner/agder/ - Skrednett.no (NVE) https://www.nve.no/naturfare/laer-om-naturfare/om-skred/skredhendelser/ - Aktsomhetssoner snøskred (NVE) https://temakart.nve.no/tema/snoskredaktsomhet
Snøskred i områder med skiaktivitet eller nær bebudde områder	- Varsom.no https://www.varsom.no/ - Aktsomhetssoner snøskred (NVE) https://temakart.nve.no/tema/snoskredaktsomhet
Forureining til jord, vatn eller luft	Agder IUA https://agderiua.no/
Langvarig straumbrot	- Glitre nett https://www.glitrenett.no/ - Melde frå om farlige forhold (trefall m.m) https://www.glitrenett.no/kontakt-oss/meld-fra-om-farlige-forhold
Alvorlege ulykker på hovudvegar eller i tunnelar	Trafikktryggleik - Statens vegvesen https://www.vegvesen.no/trafikkinformasjon/trafikksikkerhet/
Pandemi eller utbrot av smittsame sjukdommar hos befolkninga	- Nasjonal helseberedskapsplan https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/a-verne-om-liv-og-helse/id2583172/ - Nasjonal beredskapsplan mot utbrudd av alvorlige smittsomme sykdommer https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonal-beredskapsplan-mot-utbrudd-av-alvorlige-smittsomme-sykdommer/id2680654/

• Bortfall av EKOM	• Telenor https://www.telenor.no/bedrift/ • Telia https://www.telia.no/bedrift/ • Ice https://www.ice.no/bedrift/ • Altifiber https://www.altifiber.no/ • Studie av substitusjonsmønstre og ringvirkninger ved utfall av ekom (NKOM) https://nkom.no/aktuelt/studie-av-substitusjonsmonstre-og-ringvirkninger-ved-utfall-av-ekom
• Samanbrot i kommunen sitt datasystem	• Digital sikkerhet (regjeringen) https://www.regjeringen.no/no/tema/samfunnssikkerhet-og-beredskap/innsikt/digital-sikkerhet/id2340011/ • Grunnprinsipper for IKT-sikkerhet (NSM) https://nsm.no/fagomrader/digital-sikkerhet/rad-og-anbefalinger-innenfor-digital-sikkerhet/grunnprinsipper-ikt-20
• Stengte veger i lengre tidsperiode	• Trafikkmeldingar (Statens Vegvesen) https://www.vegvesen.no/trafikk#/?lat=65.00536&lng=14.98384&zoom=3&layer=fer,tra,ctv,tfl
• Dambrot	• Damsikkerhet og beredskapskrav https://www.nve.no/energi/tilsyn/damsikkerhet/damsikkerhet-og-beredskapskrav/?ref=mainmenu • Damanlegg (NVE) https://temakart.nve.no/tema/vannkraft
• Utbrot av smittsame sjukdommar hjå husdyr og vilt	• Mattilsynet - Fugleinfluensa https://www.mattilsynet.no/dyr/dyresykdommer/fugleinfluensa • Mattilsynet - Blåtunge https://www.mattilsynet.no/dyr/dyresykdommer/blatunge • Mattilsynet - Skrantesjuka (CWR) https://www.mattilsynet.no/dyr/dyresykdommer/skrantesjuka-cwr • Mattilsynet - Harepest https://www.mattilsynet.no/dyr/dyresykdommer/harepest • Mattilsynet - Svineinfluensa https://www.mattilsynet.no/dyr/dyresykdommer/svineinfluensa • Forskrift om håndtering av dyrekadaver ved utbrudd av smittsomme dyresykdommer https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2008-05-07-438
• Svikt i vassforsyning over 8 timar	• Om stoffer i drikkevann (FHI) https://www.fhi.no/sm/drikkevann/stoffer-i-drikkevann/om-stoffer-i-drikkevann/om-stoffer-i-drikkevann/?term=
• Brann i institusjonar	• Setesdal brannvesen IKS https://www.sb-iks.no/ • Brannvesen Sør IKS https://www.brannsor.no/ • Temaveiledning om brannvern i kraftforsyningen (DSB)) https://www.dsb.no/lover/brannvern-brannvesen-nodnett/veiledning-til-forskrift/temaveiledning-om-brannvern-i-kraftforsyningen/#brannforebyggende-tiltak • Forebyggende plikter for sykehjem, sykehus og andre kommunale institusjoner https://www.brannportal.no/forebyggende-plikter-for-sykehjem-sykehus-og-andre-kommunale-institusjoner/ • E-LÆRINGSKURS OM SAMARBEID HELSE OG BRANN https://livsviktigsamarbeid.no/kurs-og-opplaring/filmer-og-e-laringskurs/e-laringskurs-om-samarbeid-helse-og-brann/
• Brann i kommunehus/ rådhus	• Setesdal brannvesen IKS https://www.sb-iks.no/ • Brannvesen Sør IKS https://www.brannsor.no/

• Tilsikta uønska handling	• Nasjonal prosedyre - PLIVO https://www.nakos.no/pluginfile.php/112907/mod_resource/content/1/PLIVO%20del%20D%20og%20del%20E.pdf • Nasjonal trugsevaluering 2024 - PST https://pst.no/alle-artikler/?v=1629076861789&FilterByValues=2&PageNumber=1 • Politiets trugselvurdering for Agder 2024 https://www.politiet.no/aktuelt-tall-og-fakta/aktuelt/nyheter/2024/01/23/politiets-trusselvurdering-for-agder-2024/ • Risiko 2024 - NSM https://nsm.no/regelverk-og-hjelp/rapporter/risiko-2024 • Trugselvurdering 2024 - E-tenesten https://www.etterretningstjenesten.no/publikasjoner/fokus
• Atom- og strålingsulykke	• Stråletrygg hverdag (Direktoratet for Strålevern og Atomsikkerhet) https://dsa.no/ • Plangrunnlag for kommunal atomberedskap (Statsforvalteren i Agder) https://www.statsforvalteren.no/agder/Samfunnssikkerhet-og-beredskap/Forebyggende-samfunnssikkerhet/Nytt-plangrunnlag-for-kommunal-atemberedskap/ • Atomhending frå ROS-Agder https://rosagder.no/atomhendelse/ • Kva kan skje? - DSA https://dsa.no/atemberedskap/hva-kan-skje
• Massetilstrøming av flyktninger	• Utlendingsdirektoratet (UDI) https://www.udi.no/
• Avsporing eller andre togulykker i samband med person og godstrafikk	• Bane Nor https://www.banenor.no/
• Store snømengder over kort tid. Kan ofte vere i kombinasjon med mykje vind	• Værio.no https://xn--vrio-voa.no/ • Vêrmelding (yr.no) https://www.yr.no/nn • Varsom.no https://www.varsom.no/ • Aktsomhetssoner snøskred (NVE) https://temakart.nve.no/tema/snoskredaktsomhet
• Utbrot av plantesjukdom	• Forskrift om planter og tiltak mot planteskadegjørere https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2000-12-01-1333?q=forskrift%20om%20planter%20og%20tiltak • Forskrift om settepoteter https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1996-07-02-1447 • Mattilsynet - Pærebrann https://www.mattilsynet.no/planter-og-dyrking/planteskadegjorere/paerebrann • Mattilsynet - Rødbandsyke https://www.mattilsynet.no/planter-og-dyrking/planteskadegjorere/rodbandsyke
• Alvorlege datavirus eller cyberangrep mot kritiske IT-system i kommunen	• Digital sikkerhet (regjeringen) https://www.regjeringen.no/no/tema/samfunnssikkerhet-og-beredskap/innsikt/digital-sikkerhet/id2340011/ • Grunnprinsipper for IKT-sikkerhet (NSM) https://nsm.no/fagomrader/digital-sikkerhet/rad-og-anbefalinger-innenfor-digital-sikkerhet/grunnprinsipper-ikt-20 • Norge rammes av avanserte målrettede cyberangrep (NSM) https://nsm.no/aktuelt/norge-rammes-av-avanserte-malrettede-cyberangrep
• Forureining av drikkevatten ved uhell eller gjennom	• Drikkevannskilder må beskyttes mot forurensing https://norskvann.no/interessepolitikk/drikkevannskilder-ma-beskyttes/

bevisste handlingar.	- For deg som har eiga vassforsyning https://www.mattilsynet.no/drikkevannsforsyning/du-som-har-egen-vannforsyning-har-ansvaret-for-drikkevannet - Beskyttelse av drikkevannskilder (regjeringen) https://www.regjeringen.no/contentassets/c2a8fa9ea27147268dcc178db9bc82d8/dag1_05drikkevannskilder.pdf - Drikkevannsforskriften https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2016-12-22-1868
Mangel på mat og medisinar grunna forstyrningar i leveranse kjed ar nasjonalt eller internasjonalt	- Eigenberdskap (DSB) https://www.sikkerhverdag.no/ - Mattryggleik https://www.regjeringen.no/no/tema/mat-fiske-og-landbruk/mat/innsikt/matsikkerhet/id2357158/
Vald og truslar mot tilsette	Vold og trusler om vold i offentlig sektor https://www.fafo.no/media/com_netsukii/20120.pdf
Personopplysningar kjem på avveg	- Hva er personvern? (Datatilsynet) https://www.datatilsynet.no/rettigheter-og-plikter/hva-er-personvern/ - Om personopplysningsloven med forordning (GDPR) og når den gjelder (Datatilsynet) https://www.datatilsynet.no/regelverk-og-verktoy/lover-og-regler/om-personopplysningsloven-og-nar-den-gjelder/%C2%A0
Ukritisk/premat ur bruk av KI (Kunstig Intelligens) i offentlig sektor	- Bruk av kunstig intelligens i offentlig sektor (digdir) https://www.digdir.no/rikets-digitale-tilstand/bruk-av-kunstig-intelligens-i-offentlig-sektor/4463 - Råd for ansvarlig utvikling og bruk av kunstig intelligens i offentlig sektor (digdir) https://www.digdir.no/kunstig-intelligens/rad-ansvarlig-utvikling-og-bruk-av-kunstig-intelligens-i-offentlig-sektor/4272
Redusert styringsevne	- Hva er radikaliserings og voldelig ekstremisme? (regjeringen) https://www.regjeringen.no/no/sub/radikaliserings-om-forebyggende-arbeid/hva-er-radikaliserings-og-voldelig-ekstre/id663761/ - Falske nyheter - medietilsynet https://www.medietilsynet.no/digitale-medier/kritisk-medieforstaelse/stopp-tenk-sjekk/ - Deep fake - Medietilsynet https://www.medietilsynet.no/digitale-medier/skole/deepfakes/
Bortfall av avløp i offentlige avløpssystem	Miljødirektoratet - VEILEDNING OM MULIGE TILTAK I AVLØPSANLEGG https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/klif2/publikasjoner/2317/ta2317.pdf

12 Vedlegg

- Robuste ekomnett i og ut av Setesdal